

Kommunedelplan for Davik 2017-2027

Oppdragsgivar
Oppdrag
Rapporttype
Prosjektnr.
Dato

Bremanger kommune
Kommunedelplan for Davik
Planomtale med konsekvensutgreiing
15001
13.06.2016, rev A datert 17.02.2017

Kommunedelplan



Bremanger kommune | Arealdelen til kommunedelplan for Davik med konsekvensutgreiing

Innhald:		side
1	Bakgrunn	4
1.1	Innleiing	4
1.2	Plan- og bygningslova	4
1.3	Planprosess og framdrift	5
2	Grunnlag for arbeidet	7
2.1	Nasjonale føringar	7
2.2	Kommunale føringar	7
2.3	Gjeldande reguleringsplanar	8
2.4	Bustadar og behov i Davik	8
3.	Ros-analyse	9
2.4.1	Oppsummering ROS-analyse	15
3	Planforslag	16
3.1	Hovudtrekk og viktige omsyn i arealdisponeringa	16
3.2	Arealformål	17
3.2.1	Bustadformål og spreidd utbygging i landbruksområder	17
3.2.2	Fritidsbustader/ hytter, BFR	17
3.2.3	Næring, BN	18
3.2.4	Kombinert bygg og anleggsformål, B/F	18
3.2.5	Offentleg og privat tenesteyting, BOP	18
3.2.6	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	18
3.2.7	Grønstruktur – friområde og naturområde, GF og GN	19
3.2.8	LNf – spreidd utbygging	19
3.2.9	Bruk og vern av sjø og vassdrag	19
3.3	Føresegner	19
3.3.1	Utnyttingsgrad, krav til parkering og leikeareal	19
3.3.2	Strandsone og sjøareal	19
3.3.3	Utbyggingsrekkefølge	20
3.3.4	Omsynssoner	20
4	Konsekvensutgreiing av planforslaget	22
4.1	Metode	22
4.2	Datagrunnlag	22
4.3	Grunnlag for vurdering av verknad/konsekvens	22
4.4	Vurderingstema	23
4.5	Verknad av einskildområde	24
4.5.1	Indredavik – fortetting	24
4.5.2	Davik «sentrum» - utviding for næring	26
4.5.3	Prestegarden - utbygging	29
4.5.4	Offentleg tenesteyting - utviding av eksisterande områder	31
4.5.5	Ytre Davik – Haslerud, Bøen og Harneset, langs fylkesveg	34
4.5.6	Hyttefelt ved Lida	37
4.5.7	Årseth - fritidsbustader	39
4.5.8	Næring – framtidig	41
4.5.9	Nærings- og industriområde	43
4.5.10	Davikneset - utbygging	45
4.5.11	Småbåtanlegg – eksisterande/utviding	47

4.6	Samla verknad av arealbruken	50
4.6.1	Arealrekneskap	50
4.6.2	Samla vurdering	50
4.6.3	Behov for oppfølging	53
5	Rettsverknad	54
	Referanseliste	54

1 Bakgrunn

1.1 Innleiing


Gjeldande kommuneplan for Bremanger kommune vart vedteken 27.04.04 og set krav om at det skal bli utarbeidd kommunedelplanar for tre områder i kommunen, der i blant Davik. Med bakgrunn i dette har kommunen leigd inn Nordplan.

1.2 Plan- og bygningslova

§ 11-1 i plan- og bygningslova (pbl) slår fast at kommunane skal ha ein arealplan for heile kommunen. Den skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Planen skal fastsette hovudtrekka i arealdisponeringa, med rammer og vilkår for nye tiltak som kan settast i verk, og omsyn som skal ivaretakast ved disponering av areala.

Bremanger kommune sin kommuneplan er frå 2004 og i arealdelen er Davik synt som område der det skal utarbeidast kommunedelplan. I samsvar med PBL § 11-1, 3. avsnitt kan det bli utarbeidd kommunedelplan for bestemte område, tema eller verksemdsområde.

Kommunedelplan for Davik omfattar ROS-analyse og konsekvensutgreiing (kapittel 3 og 4), i tillegg til føreseigner og plankart.



Davik ligg ved Nordfjorden. Fylkesveg 616 strekk seg frå aust til vest og er einaste tilkomstveg til bygda. Kartgrunnlag frå Fylkesatlas.

1.3 Planprosess og framdrift

3. juli 2015 varsla Nordplan på vegner av Bremanger kommune oppstart av kommunedelplan med planprogram. Offentlege høyringsinstansar vart varsla direkte med brev og e-post, og det vart i tillegg annonsert i Fjordenes Tidende og på kommunen si heimeside. Merknadsfrist var 21.08.2015.

For å sikre tidleg medverknad vart det halde bygdemøte før kunngjering av planoppstart, og levert ut oppgåver til elevar ved Davik skule. Bygdemøtet vart halde i samfunnshuset «Davang» 21.04.2015, for idédugnad i samband med oppstart av planarbeidet for kommunedelplanen. Alle grunneigarar i planområdet hadde på førehand motteke informasjonsbrev om møtet. Det vart i tillegg plakatoppslag om møtetidspunkt på Davik, publisering på kommunen si heimeside og i sosiale media ved Nordplan. Av lokalbefolkning stilte 44 personar, av desse nokre born og unge, men hovudtyngda var vaksne og eldre.

Planprogram vart i etterkant av kunngjering redigert og vedteke i formannskapet, sak 14/2701, 22.10.2015. Vurdering av merknader ved kunngjering planoppstart følgde sak for planprogram.

Bremanger kommune si planavdeling, samt ordførar og rådmann har delteke i arbeidsmøte og folkemøte, og med dette vore del av utarbeidinga av kommunedelplanen. Innspel frå møtet og elevoppgåvene, samt ved kunngjering oppstart av planarbeid har vore med på å forme arealdelen til kommunedelplanen. Innspel er i samarbeid med kommunen silt ut og gjennomgått. Relevante forslag har blitt tekne med vidare i prosessen og blitt konsekvensutgreia (jf. kap. 4).

Formannskapet vedtok i møte 14.04.2016 at planframlegget for kommunedelplanen skulle bli lagt ut til offentlig høyring slik det låg føre, men at det skulle innarbeidast to avgrensa nausttomtar på gbnr. 98/29 og 98/9. Vedtaket er følgt opp i plankartet.

Framdriftsplan framlagt i planprogram har i etterkant blitt justert av ulike årsaker. Ny framdriftsplan for planarbeidet var før offentlig ettersyn følgjande:

Fasar i planarbeidet	Ansvarleg	Fristar/framdrift
Bygdemøte/idédugnad	Administrasjonen/Nordplan AS	April 2015
Utarbeiding av forslag til planprogram	Administrasjonen/Nordplan AS	Juni 2015
Offentleg ettersyn av planprogram, merknadsfrist 6 veker	Administrasjonen	Juli-August 2015
Handsaming av innkomne innspel	Administrasjonen/Nordplan AS	September-Oktober 2015
Vedtak av planprogram	Kommunestyret	Oktober 2015
Utarbeiding av framlegg til kommunedelplan med konsekvensutgreiing, samfunn- og arealdel	Administrasjonen/Nordplan AS	November-Mars 2015
Offentleg ettersyn av kommunedelplan	Administrasjonen	April-Mai 2016
Folkemøte, gjennomgang av framlegget	Administrasjonen/Nordplan AS	Juni 2016
Samråd med offentlege sektormyndigheiter	Administrasjonen/Nordplan AS	Juni 2016
Offentleg ettersyn framlegg til kommunedelplan, merknadsfrist 6 veker	Administrasjonen	Juli-August 2016
2. gangs handsaming av planframlegget	Formannskap/Kommunestyret	August/September 2016
Evt. nye offentlege ettersyn	Administrasjonen	Oktober 2016

Revidert planframlegg, i samsvar med vedtak i formannskapet (sak 14/2701, dato 14.04.2016), vart lagt ut til offentlig høyring. Planen vart kunngjort i Fjordenes Tidende, samt kommunen og Nordplan sine nettsider. Aktuelle partar har blitt tilskrivne.

I samband med offentlig ettersyn vart det 7. juni bli heldt nytt folkemøte i Davik, for gjennomgang av kommunedelplanen.

Etter høyringsfristen vart merknader og innspel vurdert på nytt, og lagt fram for formannskapet. Planen er no oppdatert i samsvar med rådmannen sitt framlegg til vedtak i sak 071/16, datert 27.10.2016 (revisjon A).

2 Grunnlag for arbeidet

2.1 Nasjonale føringar

Dei viktigaste nasjonale føringane er:

- Rikspolitiske retningslinjer for å styrkje barn- og unges interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging.
- Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga
- Naturmangfaldslova
- Vassforskrifta
- Samfunnstryggleik
- Klima- og energiomsyn

Statlege planretningslinjer og føreseger, samt regionale planar gjev rammevilkår for planlegging i kommunane. Sentrale dokument er:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (H-2347 B).
- Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013; Norge universelt utformet 2025.
- Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. Stortingsmelding nr. 26 (2006-2007)
- Leve med kulturminner. Stortingsmelding nr. 16 (2004-3005).
- Betre miljø i byer og tettsteder. Stortingsmelding nr. 23 (2001-2002).
- Biologisk mangfald. Stortingsmelding nr. 42 (2000 – 2001).
- Nasjonal transportplan 2010 – 2019.
- T-5/93, Planretningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging.
- T-1078, Planretningslinjer for verna vassdrag.
- T-1/95, Barn og planlegging.

2.2 Kommunale føringar

Kommunen har sett seg som mål å leggje til rette for tilflytting til kommunen – både ved å få utflytta «bremangarar» til å flytte heim og ved tilflytting av nye innbyggjarar. Ein viktig del av planlegging på overordna nivå er mellom anna å styrke faktorar som bidreg positivt til folkehelsa, samt legge til rette for vidareutvikling av eksisterande næringsliv og etablering av ny næring i Bremanger. Kommunen skal med dette forvalte land- og sjøareal på ein måte som tener næringsutvikling, busetjing, trivsel og oppleving.

Kommunedelplanen skal vise omsyn til følgjande føringar:


- Planstrategi for Bremanger kommune 2013-2016.
- Strategisk næringsplan 2015-2020 (vedteken november 2014).
- Strategisk plan for pleie- og omsorgssektoren i Bremanger kommune m/ handlingsprogram 2014-2018 (vedteken i kommunestyret 15. 12.2009).
- Strategisk plan for oppvekstsektoren i Bremanger kommune 2010-2020. Handlingsplan 2010-2012 (vedteken 15.06.2010).
- Energi- og klimaplan, Bremanger kommune, 2009-2013 (vedteken 15.12.2009).
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2012-2015 (vedteken desember 2012).
- Biologisk mangfald i Bremanger kommune. Miljøfagleg utredning, rapport 2004:2 (datert 08.03.2004).
- Tiltaksplan for skog og utmark (vedteken 21.06.2005).
- Heilskapleg ROS-analyse for Bremanger kommune (vedteken 19.06.2014).

Kommunedelplan for Kulturminne 2016-2019 er per dags dato i gang, der det har blitt utarbeidd høyringsutkast for planprogrammet som hadde frist 10.06.2015. Planprogrammet for kulturminneplanen vart vedteke i kommunestyret hausten 2015. Planframlegg er under arbeid, og kjem på høyring våren 2016.


2.3 Gjeldande reguleringsplanar

Det er i alt to vedtekte reguleringsplanar innanfor kommunedelplanen for Davik. Begge skal framleis gjelde og vidareførast i KDP:

Reguleringsendring for Daviknes Hyttegrennd, vedteken 10.03.2009. PlanID 1438.2009.01



Prestegarden bustadfelt, vedteken 22.04.2008, planID 1438.2008.02



2.4 Bustadar og behov i Davik

Det er ifølgje Bremanger kommune er det byggjemeldt og ferdigstilt tre bustadhus på Davik siste ti åra. Det er òg fleire gardar der ny generasjon har flytta heim og etablert seg på gardar med eksisterande våningshus. Ved vurdering av behov for nye bustadar skal det òg sjåast på tilrettelegging for ønskjeleg utvikling. Då treng Davik variasjon i tomtetilbodet, både regulære byggjefelt og spreidde tomtar.


3. Ros-analyse

Lovgrunnlaget og avgrensing av analysen

Kommunane skal utarbeide heilskapleg, sektorovergrepande risiko- og sårbarheitsanalyse som kartlegg, systematiserer, og vurderer sannsyn for uønskte hendingar som kan inntreffe, og korleis desse kan påverke kommunen. Bremanger har gjennomført slik heilskapleg ROS-analyse, og denne er vedteken i kommunestyret sak KST-039/14.

Analysen i kommunedelplanen er avgrensa til å omfatte krava i plan- og bygningslova som pålegg kommunane å vurdere risiko og sårbarheit ved all arealplanlegging. I § 28-1 er det krav om sikker byggegrunn. I TEK 10 er det tryggleikskrav til skred, flaum, stormflo, radon, dimensjoneringskrav til bygg i forhold til vind, snø og brann inkl. storulykkeforskrifta.

Analysen er gjort for heile planområdet under eitt, men for alle nye byggeområde blir det utført ei spesifikk vurdering av risiko og sårbarheit under kap. 4, konsekvensutgreiing.



Davik sett frå nordaust mot sørvest (kjelde Norge i 3D).

Naturrisiko


Skred og flaumfare langs elv

Davik ligg inst i ei vik, omringa av fjell og fjord mot nord. Topografien er prega av høgdedrag mot sør og slak helling mot fjord i dei lågare områda av bygda. Det går fleire mindre elvar gjennom bygda.

I aktsemdkart til NGI og NVE er det registrert fare for steinsprang, snø- og steinskred, samt jord- og flaumskred i deler av Davik (jf. skredkart s. 8). Kartet er basert på terreng og hellingsdata. Det er generelt lite snø i Davik pga. klimaet. Det er ingen kjende hendingar av snøskred eller steinsprang.

Det er i tillegg kjennskap til flaum langs Storelva ved store nedbørmengder (lokalkunnskap, jf. Bremanger kommune). Den flaumutsette strekninga følgjer vestsida av fylkesvegen. Her fløymer det ein til to gonger årleg over dei kommunale vegane og tilliggande innmark, frå om lag ved gbnr. 104/10 i sør, til elveosen på gbnr. 104/7 i nord. Sjå illustrasjon på neste side.

Framtidige byggeområde som ligg i eller nær dei aktuelle fareområda må vurderast nærare før det kan bli gitt løyve til utbygging.



Kartgrunnlag er henta frå Skrednett og er ei samanslåing av aktsemdkart for snø- og steinskred (NGI), steinsprang (NVE) og aktsemdområde for jord- og flaumskred (NVE). Flaumutsett område langs Storelva er ligg er innanfor svart stipla sirkel (basert på lokalkunnskap, kjelde Bremanger kommune).

Ustabil grunn

Fare for kvikkleire er ikkje kartlagt. I lausmassekart utarbeidd av Norges geotekniske undersøkingar (NGU) ser ein at det er i hovudsak morenemassar i Davik, samt noko breavsetningar og bert fjell.

Det er ingen kjende problem med stabilitet i grunnforholda i Davik, men aktsemdområde for jord- og flaumskred (NVE, skrednett) viser at det er fare for utrasingar i delar områda med morene- og breavsetningar.

Overvatn

Davik har eit typisk kystklima med mykje nedbør. Datagrunnlag for normalperioda for 1971-2000 syner ein normal årsnedbør på 2000-3000 millimeter (meteorologisk institutt/senorge.no). Det er venta at nedbørmengda vil dei neste tiåra auka grunna klimaendring og ein må difor i kommunal planlegging gjere greie for handtering av overflatevatn.

I samsvar med føresegner skal ny utbygging ta høgde for løysing av overflatevatn. For å sikre naturleg avrenning mot sjø, skal større opne bekkefar/elvar ikkje leggest i røyr.

Vind

Nyttårsorkanen i 1992 er den sterkaste orkanen som har råka Noreg sia målingane starta i 1867. Det har etter dette vore fleire sterke stormar og orkanar i området. I 2011 vart Nordfjord råka av orkanen Dagmar med kraftig vind og høge bølger, kombinert med høg vasstand.

Ekstremvêr i form av vind og stormflo kjem hyppigare enn før, det blir derfor viktig å plassere bygningar slik at dei ligg så skjerma som mogleg.

Stormflo og havnivåstigning

Det er venta at havnivået langs kysten av Noreg skal stige i løpet av dette århundret, med lokale variasjonar frå 40 til 80 cm stigning. Dette skal ein ta omsyn til når ein planlegg framtidig arealbruk og tiltak. I tillegg må ein i kystkommunar gjere ei lokal vurdering av venta stormflo. Stormflo er høge vasstandar i sjø grunna verknad frå vêret. Under særskilde vêrforhold kan kombinasjonen av springflo og stormflo gje særleg høge vasstandar. (Henta frå Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging, des. 2011). Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) og «Klimatilpassing. Norges rapporter om Havnivåstigning» gjev rettleiing om handtering av havnivåstigning og stormflo.

Havnivåendringar vil skje gradvis. Det finst ingen oversikt over bølgepåverknad i landets kommunar, ifølgje DSB. Det må derfor estimerast på bakgrunn av tilgjengeleg informasjon med grunnlag i berekningar og/eller erfarings-/historiske data. Utrekning av data er ressurskrevjande og dermed aktuelle berre i særskilde tilfelle.

For Bremanger kommune er det i DSB sitt grunnlag estimert slike endringar for år 2100 relativt år 2000:

Landheving: 20 cm

Berekna havstigning: 70 cm (usikkerheitsmargin 50 – 105 cm)

100 års stormflo: 248 cm (usikkerheitsmargin 228 – 283 cm)

I samråd med Bremanger kommune er bølgehøgde vurdert til å vere 0,5 meter.

Ved å ta utgangspunkt i stormflo tal frå DSB (år 2100), og tal frå Statens kartverk (200 års stormflo) vist over og bølgepåverking (0,5 m), kjem ein fram til kva areal (høgdekote) som blir overfløymt av ein 200 års stormflo.

For Davik er dette kotehøgde $2,28 \text{ m} + 0,1 \text{ m} + 0,5 \text{ m} = 2,88 \text{ m}$.

For Davik generelt blir krav om minimums golvhøgde for nye bygg, med bakgrunn i vurdering ovanfor, sett til kote +3,0 over middelasstand. For naust og andre sjørelaterte bygningar kan ein tillate lågare planeringshøgde. Dette er basert på data frå DSB/klimatilpassing Norge og ei skjønsvurdering av bølgepåverknad.

Skog- og lyngbrann

I deler av planområdet, særleg i fjellsider, finn ein skog og lyng. Det er ikkje kjennskap til at det har vore skog- og lyngbrann innanfor det aktuelle arealet.

Radon

Noreg er eit av dei landa i verda som har høgast konsentrasjon av radongass inne i hus, mellom anna grunna våre geologiske og klimatiske forhold. Radongass finst primært i bergarten *alunskifer*. I Davik og omkringliggende område er det registrert moderat til lav aktsemdsgrad for radon (jf. aktsemdskart for radon, NGU). Dette er eit akseptabelt nivå av gassen, og det er ikkje grunn for å sette krav om særskilde tiltak mot radon i planen.

Støy

Det er ingen kjende støykjelder innanfor planområdet for kommunedelplanen.

Grunna låg årleg døgntrafikk er trafikk på fylkesveg, er ei mindre sone langs vegen innanfor gul støysone.

Verksemdsrisiko

Brann og eksplosjon

Det er i dag ein drivstoffstasjon i Davik, i sentrumsområdet ved daglegvarebutikken. Det er ingen industriaktivitet i bygda i dag, bortsett frå nystarta Abbel tradisjonsmat AS (næringsmiddelproduksjon).

Kjemikalieutslepp

Det er ikkje registrert kjemikalieutslepp i Davik (Miljøstatus Norge), og det er ikkje kjennskap til verksemdar som nyttar eller oppbevarer kjemikalier av noko omfang, sett vekk frå drivstoffstasjonen

Transport av farleg gods

Det er ikkje kjennskap til at det har vore uhell i Davik i samband med transport av farleg gods. Det er heller ikkje kjennskap til at det transport av farleg på fylkesvegen, utover drivstoff til stasjonen.

Forureina grunn

Det er ikkje registrert mistanke om forureina grunn i det aktuelle området (jf. Miljøstatus Norge). Forureining er òg tema for kvart enkeltområde i KU.

Miljøtilstanden/ vasskvaliteten i sjøen er registrert som god. Det går fleire elvar gjennom planområdet, som er registrerte som god og moderat vasskvalitet. Jf. Miljøstatus Norge.

Elektromagnetiske felt

Det går i dag ei høgspenningslinje gjennom Davik. Det er ikkje kjennskap til planar om omlegging av kablar. I hovudsak ligg etablerte bustader i god avstand til denne leidninga. I tillegg går det ei kraftlinje for regionalnett over fjellpartiet aust for planområdet.

Trafikkfare og ulykkespunkt

ÅDT på fylkesvegen for indre del av Davik er 500. Ytre og indre delar av vegstrekninga, mot Isane og mot Rugsund, har ÅDT på 250. Det er registrert trafikkulukke med lettare skade som utfall dei siste 4 åra. Kjelde er Statens vegvesen (NVDB).

Fylkesvegen har mindre trafikk etter at Bremangersambandet 2 opna 16.05.13. Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013-2016 gjeld, her er fylkesvegen i haldningsklasse 3 for handsaming av søknader om avkøyrslar.

For å minimere trafikkfaren langs fylkesvegen bør talet på direkte avkøyrslar vere avgrensa. Dette gjeld òg for driftsavkøyrslar. Nye avkøyrslar til bustader bør òg avgrensast, og ein må her vurdere om eksisterande avkøyrslar kan nyttast. Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadformål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava blir tilfredsstilte.

Beredskap

Brann

Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er ikkje tilfredsstillande, og må inntil vidare løysast ved pumping frå sjø og vassdrag. Det er brannhydrantar i samband med kommunale vassleidningar i samband med bustadfelt Prestegarden, skule/barnehage og Klokkartunet. I samband med planlegging av nye bustadområde må omsyn til brannførebygging og brannsløkking ivaretakast.

Legevakt og ambulanse

Næraste legevakt og ambulanse er lokalisert i Svelgen. Kommunen har eiga legevaktordning.

Politi

Lokal redningssentral og politi er knytt til Sogn og Fjordane politidistrikt. Bremanger lensmannskontor er lokalisert i Svelgen.

Det er politiet som har ansvar for innsatsleiing. Brannvesenet har ansvar inntil politiet kjem til staden.

Sårbare objekt

Vassforsyning


Davik har vassforsyning frå fleire private vassverk med overflatevatn som kjelde, samt eit offentleg vassverk, Davik vassverk, med kjelde Hamreelva. Det offentlege vassverket forsyner bustadfelt i Prestegarden, skule, barnehage og industrianlegget «Farmen», der det i dag er næringsmiddelproduksjon. Vassverket har høgdebasseng på 800 m³.

Avløpsanlegg

Kommunen har eit fellesanlegg i samband med bustadfeltet Prestegarden. Det er ikkje særleg rom for fleire abonnentar til dette anlegget utan utviding eller alternativt høgare tømmefrekvens. Avlaup er elles løyst ved enkeltanlegg, der ein del har utlaup til vassdrag. Utslepp frå slamavskiljar til vassdrag er ikkje i samsvar med lov.

Natur og biologisk mangfald

Det er i Davik registrert to område som lokalt viktige naturtypar for biologisk mangfald. Det eine området er registrert kring Davik kyrkje (gamle tre, «Apostlane»), og det andre i øvre del av Davikneset (slåttemark) (jf. rapport om biologisk mangfald). Det er i tillegg registrert eit område med ålegras-enger ved Hauesanden (marin naturtype, jf. Miljøstatus Norge).



Kart frå Miljøstatus Norge som viser lokalisering av lokalt viktige naturtypar.

Område som er viste som viktige naturtypar er terrestriske og marine førekomst av naturtypar som er vurdert som viktige for biologisk mangfald etter DN si handbok 13 og 19 (jf. Fylkesatlas).

Sjøområdet på Davika er del av kommunedelplanen og her er det kjennskap til fleire fiskeartar (jf. Miljøstatus Norge). Fjorden er del av utbreiingsområde for kysttorsk, brosme, makrell, nordsjøhyse, nordsjøsil, nordsjøtorsk, tobis, uer og øyepål. Sjøarealet er òg registrert som både oppvekstområde og beiteområde for nordsjøsei, og beiteområde for vårgytande sild. Niser er òg observert.

I både rapport for biologisk mangfald og artsdatabanken framkjem det at det er gjort funn av den sårbare arten Solblom vest for busetnad i Davik. Det er i tillegg gjort funn av raudlistearten pusleblom (jf. miljøfagleg utgreiing for biologisk mangfald). Nøyaktig

funnstad framkjem ikkje av rapporten, utover strandeng og på vestsida av Davikbukta. Då Hauesanden er det einaste strandområdet i Davik, er det nærliggande å tru at det er i dette


området det er gjort funn av arten. Kommunedelplanen legg ikkje til rette for større tiltak ved Hauesanden.

Det er ikkje registrert kystlynghei innanfor planområdet.

Utover pusleblom og solblom, samt viktige naturtypar, er det ikkje kjennskap til artar eller naturmiljø som er særleg sårbare eller truga i Davik. Av framande artar er det gjort fleire funn, mellom anna av parkslirekne og engfiol.

Kulturminne

Kulturminne blir i kulturminnelova definert som «*alle spor etter menneskelig aktivitet i vårt fysiske miljø herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til*». Når



eit eller fleire kulturminne inngår i ein vidare heilskap eller samanheng, kan det vere eit kulturmiljø. Når kulturminne har verdi som kjelder til kunnskap, grunnlag for oppleving og ressurs for bruk er det grunnlag for å verne.

Det er i dag ikkje registrert kulturmiljø i Davik, men enkelte bygg som er automatisk meldepliktige i samsvar med kulturminnelova. Automatisk freding inneberer at kulturminnet er freda direkte etter teksten i kulturminnelova, utan særskilde vedtak.


Det er i alt to automatisk freda kulturminne på Davik; gravminne ved kyrkja og på Davikneset (Askeladden kulturminnesøk). Davik kyrkjestad har ikkje vernestatus som automatisk freda.



Jørntunet ligg i Indre Davik og består av fleire SEFRAX-registrerte bygningar (Foto: Drage Bakke, 06.01.2015).

Det er i tillegg fleire bygg i bygda som er automatisk meldepliktige i samsvar med kulturminnelova (jf. kart nedanfor). SEFRAX-registeret er eit landsdekkande register over

registrerte bygningar frå før år 1900, som ikkje er vedtaksfreda (Riksantikvaren). For slike bygg/anlegg bør det gjerast ei lokal vurdering av verneverdi i samband med bygge- og rivesøknader.



Oversikt over SEFRAK-bygg i Davik (Fylkesatlas).

2.4.1 Oppsummering ROS-analyse

Det må takast særleg omsyn til naturrisiko slik som ekstremvêr med sterk vind, stormflo, havnivåstigning og overvatn ved planlegging av nye byggeområder. Krav til sikker byggehøgde for etablering av bygningar og anlegg blir å fastsette i føresegnene til minimum kote +3.

Skredkart syner at ein i planlegginga må vise omsyn til fare for steinsprang, snø- og steinskred, samt jord- og flaumskred. Lokalkunnskap stadfestar at det òg er flaumfare langs deler av Storelva, på vestsida av fylkesvegen.

Davik har mange SEFRAK-registrerte bygningar, men ingen registrerte kulturmiljø. Det er likevel tre område i Davik som framstår som særleg viktige med tanke på kulturmiljø og eldre bygg: Området kring kyrkja/apostlane (eldre tre), Jørntunet og Klokkartunet/Prestegarden.

3 Planforslag


3.1 Hovudtrekk og viktige omsyn i arealdisponeringa

Regulerte område blir i all hovudsak vidareført og det er i dag ledig byggeareal. Det er likevel slik at ikkje alle regulerte og ubygde område er like attraktive. Kommunen har difor valt å legge ut nokre nye areal, då ein ønskjer å opne for utvikling i Davik. Det er lagt vekt på at nye byggeareal skal kunne realiserast relativt raskt.

Planforslaget legg til grunn at nye utbyggingsområde til bustadformål skal konsentrerast i kjernen av bygda, og lokaliserast slik at ein legg til rette for mest mogeleg trygge skulevegar.

Det blir opna for fortetting av eksisterande bustadområde, og utlegging av bustadfelt langs fylkesvegen. I tillegg er det lagt ut landbruksområde med opning for fortetting av både bustader og fritidsbustader. Det er òg 5 LNF-område med opning for fortetting av bustader og/eller fritidsbustader, samt eit nytt felt, LSB1 (framtidig byggeareal).

Eksisterande hytteområde ved Davikneset er vidareført i arealdelen. BFR1-2 er ikkje regulert. Grunna skredfare er det sett krav om geotekniske undersøkingar for å avdekke reell fare før eventuell ny utbygging innanfor BFR2, som ligg søraust i bygda.



Kart som viser byggeområde i arealdelen. Areal til naust og anlegg i sjø er ikkje del av illustrasjonen.

Eksisterande industriområde ved Hauesanden vidareførast. Her det i dag aktivitet i form av matvareforedling. Det er vidare lagt til rette for nytt næringsareal ved området der det i dag mellom anna er daglegvareforretning og drivstoffpumper.

Det er lagt vekt på å oppretthalde landbruksaktivitet og skjerme dyrka og dyrkbare areal. Kjerneområde for landbruk er lagt inn i arealdelen med omsynssone, og er basert på

vurderingar gjort av landbruksansvarleg ved Bremanger kommune i samband med planarbeidet.

Haesanden er eit viktig natur- og friluftsområde i strandsona, særleg for born og unge. Området er vist som friluftsområde i arealdelen, og ein opnar ikkje for småbåthamner eller utviding av eksisterande industriområde som ligg i nærleiken av dette området.

Det er i dag fleire mindre småbåthamner i vika og plan vidarefører desse. I tillegg opnar ein for ei utviding av hamna ved Sandvika.

3.2 Arealformål

3.2.1 Bustadformål og spreidd utbygging i landbruksområder

Det er lagt ut i alt 5 bustadområder:

- B/F4: Framtidig byggeareal ved Lida. Opnar for både bustader og fritidsbustader.
- B1: Framtidig byggeareal nord for fylkesvegen, ved omsorgsbustader og i nærleiken av Davik skule. Opnar for konsentrert busetnad med småhus, rekkehus og hus i kjeder.
- B2: Framtidig mindre byggeareal langs fylkesvegen, aust for Klokkargarden.
- B4: Eksisterande bustadområde, Prestegarden bustadfelt. Opning for ei mindre fortetting. Ligg i tilknytning til eksisterande Prestegarden bustadfelt, som vidareførast i samsvar med gjeldande reguleringsplan/reguleringsendring.

For alle områda inneber utlegginga fortettingsareal innanfor eller i tilknytning etablert busetnad, sett vekk frå i område B/F4. Utbygging i felt B1-2 innebere beslaglegging av dyrka mark, men er ikkje del av kjerneområde for landbruk.

Det er i tillegg lagt ut områder for fortetting i landbruksområder. Dette er vist som landbruksområde for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbebyggelse (LS1-4) og landbruksområde med spreidd bustadbebyggelse (LSB1-6):

- LS1: Eksisterande bustadområde, med opning for fortetting med maks 6 bu- eller fritidseiningar.
- LS2: Eksisterande område med bustader. Fortetting med maks 2 bu- eller fritidseiningar.
- LS3: Eksisterande område med bustader. Fortetting med maks 3 bu- eller fritidseiningar.
- LS4: Eksisterande område med bustader. Fortetting med maks 2 bu- eller fritidseiningar.
- LSB1: Framtidig byggeområde, med opning for maks 3 bueiningar.
- LSB2: Eksisterande bustadområde, med opning for fortetting med maks 5 bueiningar.
- LSB3: Eksisterande bustadområde. Fortetting med maks 8 bueiningar.
- LSB4: Eksisterande område med bustader, med opning for ei mindre fortetting med 1 bueining.
- LSB5: Eksisterande bustadområde. Fortetting med maks 5 bueiningar.
- LSB6: Eksisterande bustadområde. Fortetting med maks 2 bueiningar.

Føresegner opnar ikkje for næringsbygg innanfor LS-områda.

Då det er lagt ut byggeareal som i dag er dyrka mark og beiteområder, sikrar rekkefølgeføresegner at landbruksareal innanfor eit utbyggingsområde skal bli sist utbygd.

3.2.2 Fritidsbustader/ hytter, BFR

Det er lagt ut i alt 2 områder for hyttefelt:

- BFR1: Framtidige areal for hyttebygging. Innanfor BFR5 kan det førast opp inntil 3 fritidsbustader.

- BFR2: Eksisterande hytteområde, med opning for ei mindre fortetting innanfor formålet. Området ligg i sin heilskap innanfor omsynssone for skred.

3.2.3 Næring, BN

Næringsformål omfattar industri-, lager og handverksverksemd. Det omfattar ikkje forretning- eller tenesteyting.

Det er lagt ut 4 næringsområde:

- BN1: Eksisterande industriområde «Farmen», som i dag nyttast til lager og matvareforedling.
- BN2: Tidlegare steinbrot som er regulert til framtidig næringsareal.
- BN3: Framtidig næringsareal.
- BN4: Framtidig næringsareal med opning for turisme.

3.2.4 Kombinert bygg og anleggsformål, B/F

Formålet er nytta på område der det er både næringsaktivitet forretning og tenesteyting, samt bustader.

Det er i alt 4 områder med kombinert bebyggelse og anlegg:

- B/F1: Eksisterande område for bustad og privat tenesteyting. I dag er området brukt til bustadformål og fysioterapisenter.
- B/F2: Framtidig areal for forretning og bustader. Formålet opnar med dette for at eksisterande forretningsområde innanfor B/F1 kan utvide mot vest, innanfor B/F2.
- B/F3: Eksisterande arealbruk. Her er det i dag daglegvareforretning, drivstoffpumper, kafé og bustad.
- B/F4: Framtidig byggeareal ved Lida. Opnar for både bustader og fritidsbustader.

3.2.5 Offentleg og privat tenesteyting, BOP

Det er lagt inn 4 område til offentleg og privat tenesteyting:

- o_BOP1: Eksisterande areal for gravstad og kyrkje.
- f_BOP2: Eksisterande areal for bedehus.
- f_BOP3: Eksisterande areal for samfunnshuset «Davang».
- o_BOP4: Område for Davik skule. Inkludera uteareal som fotballbana, samt eit mindre areal vest for eksisterande bygningsmasse. Byggeareal i vest fører til omdisponering av eit mindre beiteareal.
- o_BOP5: Område for eksisterande omsorgsbustader.
- o_BOP6: Eksisterande areal for Klokkargarden. Borgstova i dag blir nytta i samband med kulturarrangement.
- BOP7: Eksisterande areal for Jørntunet, som er eigd av «Stiftinga Jørntunet». Det blir i dag i hovudsak brukt til kulturarrangement

3.2.6 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Fylkesveg og kommunal veg er vist med juridiske linjer for hovudveg, samleveg og adkomstveg.

Framtidig trasé for gang- og sykkelveg er vist på plankartet. Den er lagt inn sør for fylkesvegen, frå Davik skule og austover til daglegvareforretning/drivstoffpumper.

Område BAB22 er eksisterande område for reinseanlegg og høgdebasseng. BAB24 er framtidig areal avsett til reservevassforsyning og sløkkjevatn.

3.2.7 Grønstruktur – friområde og naturområde, GF og GN

Hausesanden er eit viktig lokalt rekreasjonsområde og lagt inn i arealdelen som friluftsområde, f_GF1. Det er òg lagt ut to mindre areal til grøntformål kring eksisterande næringsområde (BN1) ved Hausanden.

3.2.8 LNF – spreidd utbygging

Det er lagt ut i alt 9 områder med opning for fortetting av enten bustader eller kombinasjon bustader/fritidsbustader. Desse områda ligg i tilknytning til eksisterande busetnad og er utanfor kjerneområde for landbruk (omsynssoener H510_1-2).

3.2.9 Bruk og vern av sjø og vassdrag

Sjøarealet er lagt ut som naturområde og opnar for ferdsel, fiske, friluftsliv m.m. Ein har ikkje lagt til rette for akvakulturanlegg og det er ikkje registrert farlei innanfor planområdet.

Eksisterande småbåtanlegg er vidareført i kommunedelplanen. Ein opnar i tillegg for ei mindre utviding av hamn ved Sandvika, vist som VS1 i plankartet.

3.3 Føresegner

3.3.1 Utnytingsgrad, krav til parkering og leikeareal

I bustadområder er maks utnytingsgrad sett til BYA=30 %, inkludert garasje og biloppstillingsplass. For område for konsentrert utbygging (B1) er maks BYA= 50 %
Det er krav til parkeringsdekning med 2,5 plassar pr. bueining, inklusive gjesteparkering.

Det er stilt krav om opparbeiding av leikeareal, og at areal skal stå ferdig samstundes med tekniske anlegg for felta.

Det opna for spreidd utbygging innanfor i alt 10 områder (LSB1-6 og LS1-4), med krav om at nye bygg skal innordne seg det etablerte miljøet i volum og høgde, plasserast på uproduktiv mark og knyte seg til etablert vegnett, samt tekniske anlegg.

3.3.2 Strandsone og sjøareal

Kommunedelplanen opnar for tiltak i strandsona. Føresegner for naustbygging er tilpassa eksisterande naustbygg i Davik.

Ein vidarefører eksisterande tiltak i sjøareal i form av småbåthamner, vist som VS1-7. Føresegnene opnar òg for at det kan etablerast flytebrygge i samband med område BN4.

Tiltak i sjø som ikkje er godkjent, krev løyve frå hamnemynde, i tillegg til handsaming etter pbl.

Byggegrense langs sjø, og byggehøgder stormflo

Byggegrense i vedtekne reguleringsplanar skal gjelde. For nye byggeareal som er lagt ut i arealplanen skal byggegrense langs sjøen vere lik formålsgrensa i bustadområder. For andre bygningar og anlegg 3 meter (omsyn stormflo) unnateke småbåtanlegg og naust som kan leggest på 0 meter.

Innanfor LNF-områder (§11-7 nr 5) kan naudsynte bygg for landbruksdrift ikkje setjast i verk nærare sjø enn 30 meter frå strandline, målt i horisontalplanet ved middel høg vasstand. Føresegnene opnar vidare for at naudsynte bygg til fiske eller ferdsel til sjøs kan setjast i verk 0 meter frå strandlinja.

Det er stilt krav om byggesikker høyde i forhold til stormflo og havnivåstigning. Overkant golv skal ligg på minimum kote + 3, unntatt for naust og andre sjørelaterte bygningar.

3.3.3 Utbyggingsrekkefølge

Utbygging kan ikkje skje før det ligg føre godkjende løysingar for veg, vatn, kloakk, overvatn, sløkkevatn og renovasjon. Det er vidare sett krav om at det skal utarbeidast rammeplanar for nye avkøyrslar langs både fylkesveg og kommunal veg.

For å sikre landbruksareal er det sett krav om at i byggeområda i LS1-3 og LSB1-6 skal beiteareal og fulldyrka mark som blir råka byggast ut til slutt.

3.3.4 Omsynssoner

Kulturminner og -miljø

Områder med automatisk freda kulturminne er lagt inn som med omsynssone H730, bandlegging etter lov om kulturminner.

Jørntunet og Borgstova er lagt innanfor omsynssone for bevaring av kulturmiljø, H570.


Naturvern

Det er ingen område i Davik som er bandlagde etter naturvernlova, men her er to områder med viktige naturtypar som er vist med omsynssone «bevaring naturmiljø» (H560).

Landbruk

Davik er ei landbruksbygd og det vil i planlegginga av framtidig arealbruk vere viktig å vise omsyn til dette.

Nye byggeareal bør ikkje stykke opp dyrkbar mark og beiteareal, og ein har difor i samband med utarbeiding av arealdelen kartlagt kjerneområde for landbruk innanfor planområdet. Illustrasjonen nedanfor er basert på vurderingar gjort av Bremanger kommune i samband med arbeidet med kommunedelplanen. Kjerneområde for landbruk er lagt inn i arealdelen som omsynssone H510 «Omsyn landbruk».



Kjerneområde for landbruk er markert med grøn farge (kjelde: Bremanger kommune).

4 Konsekvensutgreiing av planforslaget

4.1 Metode

Rettleiar T-1493 av 03.08.2012, konsekvensutredning av arealdelen til kommuneplanen, er nytta som metode for konsekvensutgreiinga.

4.2 Datagrunnlag

Rapporten byggjer på datagrunnlaget i frå følgjande databasar: Naturbase , Skrednett, DSB sine kartløyisingar, Miljøstatus Norge, NGU sine kartløyisingar, Askeladden (kulturminnebase), Kystverket, Fiskeridirektoratet, KLIF (klima og forurensningsdirektoratet) , kommunale og fylkeskommunale informasjonssider. I tillegg til kommunale informantar.

4.3 Grunnlag for vurdering av verknad/konsekvens

Konsekvens av arealbruk kjem fram med hjelp av ei samanstilling av verdi og omfang.

$$\text{Verdi} \times \text{omfang} = \text{konsekvens}$$

Verdi

Verdiar knytt til miljø og samfunn er gradert med liten, middels og stor.

I verdifastsettinga er det lagt til grunn eksisterande registreringar/kartleggingar gradert etter om det er nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Ingen førekomstar eller kartlegging gir liten verdi.

Lokalt nivå = liten verdi

Regionalt nivå = middels verdi

Nasjonalt nivå = stor verdi

Omfang

Omfang/påverknad av det einkilde tiltaket i forhold til 0-alternativ. 0-alternativet tilsvara sannsynleg utvikling av området utan utbygging.

Det er nytta slik skala for omfangsvurdering:

-3	-2	-1/0/+1	+2	+3
<i>Stort negativt omfang</i>	<i>Middels negativt omfang</i>	<i>Lite eller ubetydeleg omfang</i>	<i>Middels positivt omfang</i>	<i>Stort positivt omfang</i>
Øydelegg	Reduserer verdien	Ingen innverknad	Betring	Stor betring

Konsekvens

Skala for vurdering av konsekvens blir då slik tabellen under viser.

Konsekvens	Omfang \ verdi	Liten	middels	stor
	Stort positivt	+2	+2	+3
	Middels positivt	+1	+2	+3
	Lite/ubetydeleg	0	+1	+2
	Middels negativt	-1	-2	-3
	Stort negativt	-2	-2	-3

Samfunnstryggleik, ROS

Trafikklysargane er nytta i analysen som illustrasjon av konsekvensnivå for ROS-vurdering. Grønt er lik ikkje signifikant risiko, gult er akseptabel risiko og raud er uakseptabel risiko.

Hending	Risiko	Tiltak
Hending i grønt felt:	Ikkje signifikant risiko	Risikoreduserande tiltak kan vurderast. Fleire risiko-reduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.
Hending i gult felt:	Akseptabel risiko (ALARP-sone = As Low As Reasonable Practicable).	Tiltak må vurderast/ gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som råd. Det vil ofte vere naturleg å leggje ein kost-nytteanalyse til grunn for vurdering av endå fleire tiltak som kan redusere risiko.
Hending i raudt felt:	Uakseptabel risiko	Tiltak må setjast inn for å redusere til grønt/gul. Her skal risikoreduserande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analysar for ev. å avkrefte risikonivået.

4.4 Vurderingstema

Følgjande vurderingstema knytt til miljø og samfunn er nytta:

Tema	Undergruppering
MILJØ	
Jordvern	Kjerneområde landbruk, dyrkamark, beitemark, driftsgrunnlag, skogbruk, verneskog, kulturlandskap
Naturmangfald	Viktige naturtypar, biologisk mangfald, vilt, verna område og /artar
Kulturminner og kulturmiljø	Freda bygg og anlegg, fornminner, bygningsmiljø, SEFRAK-registrerte bygg
Landskap	Nær og fjernverknad av tiltak
Nærmiljø og friluftsliv	Grøntstruktur, tilkomst, badeplassar, rekreasjonsområde, folkehelse
Barn og unge	Leike- og opphaldsareal, akebakkar, skuleveg
SAMFUNN	
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn og kloakk, gang- og sykkelveg, straum/energi, sløkkesvasskapasitet
Transportbehov	Transportbehov ved utbygging, kollektivdekning
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Kapasitet mht skule- og barnehage, skuleskyss, lege- og omsorgstenester, samt folkehelse.
Samfunnstryggleik ROS	Beredskap (utrykking brann/lege), grunnforhold, skred, flaum, stormflo og havnivåstigning, nedbør og overflatevatn, trafikk, støy, elektromagnetiske felt, avfall/deponi, eksplosjonsfare, kjemikalier, ureining.
Forhold til framtidig utbyggingsstrategi	I tråd med prioriteringar i samfunnsdelen


Samla vurdering og konklusjon

På bakgrunn av vurderingane i skjemaet ovanfor blir avveging av verknad gjort og konklusjon trekt om kor vidt området kan utbyggast eller ikkje ev. på kva vilkår det kan utbyggast.

4.5 Verknad av einskildområde

4.5.1 Indredavik – fortetting

Dekke heile eller delvis gnr. 106, bnr. 1, 5, 6, 19, 20, 23, 24, 28, 38 og 42

Føremål/bruk i dag	Ikkje regulert. Delvis utbygd med bustadhus og naust, elles jordbruksareal og infrastruktur.	
Forslag til ny arealbruk	Fortetting av eksisterande bygg (bustad/naust).	
Arealstorleik	Ca. 31 daa	
Forslagsstillar	Folkemøte	
Skildring	Det er i dag spreidd busetnad på sørsida av fylkesvegen i dette området. Det er etablert i alt 4 naust på nordleg del og ein vil sjå på moglegheitene for fortetting av bustader, i tillegg til etablering av naustrekke på eit avgrensa areal.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Liten verdi +1	Middels negativt -2	Middels negativ -2	Ønska utbyggingsområde er ikkje del av kjerneområde for landbruk, men delar er registrert som fulldyrka og overflatedyrka jord, samt innmarksbeite (Fylkesatlas). Utbygging vil gje liten negativ konsekvens for landbruk i området grunna tap av jord.
Natur-mangfald	0	0	0	Det er ikkje viktige natur eller biologisk mangfald innanfor området (Miljøstatus Norge). Ønska tiltak vil med dette få ubetydeleg konsekvens for naturmangfaldet.
Kultur-minner og kulturmiljø	+1	0	0	Her er bygg som registrert som SEFRAK-bygg (jf. Fylkesatlas). Utbygging er vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens for desse bygga.
Landskap	+1	-2	-2	Indredavik er inngangsporten til bygda når ein kjem frå aust og framstår i dag som eit ope landskap, med spreidd busetnad sør for fylkesvegen og fjordutsikt mot nord. Det vil vere ei forringing av landskapet å bygge igjen areal mellom fylkesvegen og fjorden. Kontakta med fjorden er ein viktig del av opplevinga av landskapet i dette området. Konsekvensen er vurdert til negativ, med hovudvekt på tiltak i funksjonell strandsone (nord for fylkesvegen).
Nærmiljø og friluftsliv	+1	-1	-1	Er ikkje registrert som lokalt viktig friluftsområde. Utbygging vil føre til tap av grønstruktur og større terrenginngrep i strandsona, og tiltak kan med dette skape ein liten negativ konsekvens.

Barn og unge	+1	-1	-1	Det er ikkje kjennskap til at området har særleg verdi for born og unge i dag, utover at delar ligg i funksjonell strandsone. Det vart ikkje trekt fram som favorittstad i elevoppgåve ved Davik skule.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	Lite omfang	Ingen verknad	Området som er aktuelt for bustader (sør for fylkesveg) har etablert vass- og kloakkanlegg med kapasitet for vidare utbygging (kommunen). Ønska tiltak er vurdert til å få ubetydeleg konsekvens for teknisk infrastruktur i det aktuelle området.
Energi	Delvis etablert	Lite omfang	Ingen verknad	Det er ikkje kjennskap til at utbygging i området vil gje betydeleg konsekvens for energi.
Transport-behov	Delvis bilbasert	Ingen verknad	Ingen verknad	Ønska føremål er ei mindre fortetting av bustader i vest og naust i aust. Dette vil gje ein ubetydeleg konsekvens for samferdsel og trafikk i området. Fylkesvegen har mindre trafikk etter at Bremangersambandet 2 opna 16.05.13. Eksisterande avkøyrslar i området bør nyttast ved ei eventuell utbygging.
Befolknings-utvikling og teneste-behov	Positiv	Liten positiv verknad	Liten positiv verknad	Utbygging vil kunne gje auka tenestebehov, ved at det legg til rette for tilflytting til Davik. Muligheit for tilgang på naust kan vere eit positivt bidrag for å gjere Davik attraktiv i bustadmarknaden, då det legg til rette for større bruk av fjorden. Konsekvensen er vurdert til å vere liten positiv.
Folkehelse	Positiv	Delvis negativ	Ingen verknad	Nærleik til daglegvarebutikk og gåavstand til skule er positivt ved etablering av nye bustader. Samla konsekvens ved ønska tiltak er vurdert til å vere ubetydeleg for folkehelse.
Forhold til framtidig utbyggingstrategi	Delvis negativ	Liten negativ	Liten negativ	Framlegget er vurdert til å ha eit lite negativt omfang, då ønska tiltak vil føre til omdisponering av landbruksjord (ikkje kjerneområde). Deler av området er skredutsett og areal nord for fylkesveg er funksjonell strandsone.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko	Areal utanfor skred-områder og over kote 3.		Jord- og flaumskred, havnivå	Nordleg del av området er sårbart for stormflo og havnivåendring. Austleg del er innanfor aktsemdområde for skred. Utbyggingssområde for bustader bør bli lagt utanfor skredområde. Konsekvensen er vurdert til å vere stor negativ for dei areala som er innanfor aktsemdområde for skred.
Verksemdrisiko				Ingen verksemdar i det aktuelle området.
Trafikk				Auka utnytting vil kunne føre til større fare for trafikkulukker for mjuke trafikantar, då det ikkje er etablert gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er løyst ved pumping frå sjø og vassdrag. God tilkomst til dei aktuelle områda frå fylkesvegen.
Støy og ureining				Området ligg langs fylkesveg og ein mindre del er innanfor gul støysone, då det i dag er liten trafikk langs fylkesvegen (støykart, SVV). Tiltak vil ikkje føre

	til vesentleg auke i støy i området og konsekvensen er vurdert til å vere ikkje signifikant.
--	--

Samla vurdering og konklusjon

Areala ligg utanfor kjerneområde for landbruk, men i delvis funksjonell strandsone og aktsemdområde for skred. Det er ikkje i samsvar med framtidig strategisk arealbruk å opne for ny bustadutbygging i områder med fare for skred. Plassering av naust bør òg vurderast opp mot fylkesvegen, som i dag er av dårleg standard. Det kan bli aktuelt i framtida å utbetre vegen. Utvida bruk av eksisterande avkøyrslar til fylkesvegen bør difor vurderast i framtidig utbygging.

Konklusjonen er at planen opnar for ei mindre fortetting av bustader langs fylkesveg, utanfor skredområdet. Området er sett av som LSB4-5 i arealdelen. Eksisterande naustområder innanfor det aktuelle arealet nord for fylkesveg, kan fortettast på to avgrensa areal (vist som BAB18-19 på plankartet). Avgrensing er viktig med omsyn til landskapet og med tanke på privatisering av funksjonell strandsone. Ein vil med dette i stor grad bevare den visuelle kontakta med fjorden sett frå fylkesvegen.



Fotopunkt frå aust mot vest (Google street view).

4.5.2 Davik «sentrum» - utviding for næring

Gnr. 106, bnr. 3, 5, 6, 10, 15, 22, 31 og 34

Formål/bruk i dag	Ikkje regulert. Eksisterande næringsbygg i form av bensinstasjon/pumper, bustader, daglegvarebutikk og kafé. Noko landbruksareal.	
Planstatus	Ikkje regulert	
Forslag til ny arealbruk	Vidareføre eksisterande næringsområder (B), med opning for utviding mot vest (A). Opne for campingplass i aust (C).	
Arealstorleik	Ca.	
Forslagsstillar	Folkemøte	

Skildring	Dette arealet framstår som Davik sitt bygdesentrum, då det i dag er fleire funksjonar samla her. Davik sin einaste daglegvarebutikk, bensinpumper og Dampen kafé er innanfor dette området. Område A og C er i hovudsak oppe landbruksareal.
------------------	--

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Liten positiv +1	Middel negativ -2	Middels negativ -2	Område B omfattar i hovudsak etablert næringsområde med innslag av bustader. To mindre areal som i dag er registrert som fulldyrka jord: 2,5 daa i område A og 3,8 daa i C (Fylkesatlas). Er ikkje del av eit større landbruksareal eller kjerneområde for landbruk i Davik.
Natur-mangfald	+1	0	0	Det er verken del av viktige naturområde eller fører til negativ verknad for naturmiljøet. Det er ikkje sårbare artar innanfor områda (artsdatabanken, naturbasen). Ingen konsekvens for naturmangfald.
Kultur-minner og kulturmiljø	+1	0	0	Her er ingen registrerte kulturmiljø, men i alt 3 SEFRAK-bygg (Fylkesatlas). Utbygging vil ha ubetydeleg konsekvens for kulturminner og miljø.
Landskap	+1	-1	-1	Areal i områda A og C er i hovudsak opne marker, som skaper visuell kontakt med fjorden frå fylkesvegen. I område B er det i dag tett utbygd. Ønska tiltak vil føre til liten negativ konsekvens, då det vil gjere ei større endring av landskapet der det i dag er jordbruk (område A og C).
Nærmiljø og friluftsliv	+1	+2	+2	Justering av byggeområdet vil ha positiv effekt for vidareutvikling av areala, ved å styrke området sine funksjonar i dag. Ikkje del av lokalt eller regionalt viktig friluftsområde.
Barn og unge	+1	+2	+2	Områda sin hovudverdi for barn- og unge er vurdert til å vere knytt til næringsaktiviteten (Joker og kaféen, resultat frå elevoppgåva ved Davik Skule).
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert, behov for tilrettelegging	Liten negativ verknad	Liten negativ verknad	Områda har etablert privat vass- og kloakkanlegg, men det må bli lagt til rette for auka kapasitet, evt kommunale anlegg, ved ny utbygging (jf. kommunen). Manglar tilrettelagde gang- og sykkelvegssystem langs fylkesvegen. Liten negativ konsekvens, då utbygging vil føre til auka belastning på eksisterande teknisk infrastruktur.
Energi	Etablert	Liten verknad	Liten verknad	Ligg i etablert utbygd område og ein føreset at eksisterande anlegg har kapasitet.
Transport-behov	Bilbasert	Kan gje auke	Liten verknad	Nærleik til etablert vegsystem. Ønska tiltak vil kunne føre til auka trafikk til området. Konsekvens er vurdert til å vere liten.
Befolknings-utvikling og teneste-behov	Positiv	Liten positiv verknad	Positiv	Ved å legge til rette for utviding av eksisterande bruk og i tillegg opne for campingplass, vil ein kunne styrke dette området sin funksjon og rolle i Davik. Dette vil kunne betre kundegrunnlaget for eksisterande tilbod innanfor området, og difor gje positiv konsekvens på sikt.
Folkehelse	Liten positiv verknad	Ingen verknad	Inge verknad	Områda ligg sentralt i Davik og er i gåavstand frå fleire bustader. Utbygging vil ubetydeleg konsekvens for folkehelse.


Forhold til framtidig utbyggingsstrategi	Positiv	Positiv utvikling	Positiv	Området ligg sentralt til i forhold til teknisk infrastruktur, og er ein naturleg utviding av eksisterande bruk. Det vil føre til omdisponering av eit mindre landbruksareal. Tiltak er vurdert til å ha positiv effekt for utviklinga av dette området, med vekt på næringsinteresser.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko				Dei lågast liggande areala er utsett for stormflo og havnivåstigning. Opning for tiltak i området vil føre til auka fare for øydeleggingar ved stormflo/havnivåstigning. Sistnemnte kan bli unngått ved å legge føringar for minimum terrengnivå for bygningsmessige tiltak. Det vil òg kunne vere behov for sikring av elv i vest
Verksemdrisiko				Drivstoffstasjon.
Trafikk				Auka utnytting vil kunne føre til større fare for trafikkulukker, då her ikkje er etablert gang- og sykkelveg.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er løyst ved pumping frå sjø og vassdrag. God tilkomst til dei aktuelle områda frå fylkesvegen.
Støy og ureining				Områda ligg langs fylkesvegen og ein mindre del er innanfor gul støysone (støykart, SVV). Tiltak vil ikkje føre til vesentleg auke i støy i området. Det er ikkje kjennskap til forureining i området.

Samla vurdering og konklusjon

Ei utbygging vil føre til at eit mindre landbruksareal blir beslaglagt, men dette arealet er ikkje del av kjerneområder for landbruk i Davik. Gjennomgangen ovanfor viser at utbygging har lav eller ingen konsekvens utover jordvern. For å redusere naturrisiko, må bygningsmessige tiltak ha minimum golvhøgde på kote 3 (jf. ROS-analyse). Dette er følgt opp i føresegnene.

For å redusere fare for trafikkulukker langs veg, bør ein ved utviding av områda sikre tilkomst innanfor dei aktuelle areala i form av interne gangsystem mellom A, B og C.

Utbygging totalt sett er vurdert til å gje positive konsekvensar for utviklinga av dette område,



då ein opnar for moglegheit til å vidareutvikle eksisterande tilbod og i tillegg opna for turisme i bygda. I plankartet er områda lagt inn som B/F2 (framtidig byggeareal), B/F3 (eksisterande areal for næring/bustad) og BN4 (framtidig område for turisme).

For å skape betre forhold for mjuke trafikkantar, er det i plankart lagt inn linje for framtidig gang- og sykkelveg frå næringsarealet (B/F3) til skuleområdet.



Opnar for etablering av campingplass, i tillegg til utviding av eksisterande forretning og næringsaktivitet (foto frå Google street view).

4.5.3 Prestegarden - utbygging

Gnr. 105, bnr. 12 og 21

Føremål/bruk i dag	Ikkje regulert. Gardstun med omkringliggende jordbruksareal.	
Forslag til ny arealbruk	Privat innspel om bustadtomter i vestleg del av område A, hytter i aust og nausttomter ved sjø (A og B). Kommunen føreslår at eksisterande naustmiljø, som A grensar mot i nord, kan utvidast mot aust, samt at det blir vurdert nokre få bustadtomter i område B.	
Arealstorleik	Ca. 42 daa	
Forslagsstillar	Privat innspel ved kunngjering oppstart av planarbeid. Kommunen (bustader, B)	
Skildring	Prestegarden er lokalisert nord for fylkesvegen og er eit eldre gardstun som ligg på ei høgd i nedre del av Davik. Eigedomen strekker seg mot fjord i nord og er i dag brukt til beite- og slåttemark. Grensar i nord til eit eksisterande naustmiljø og molo.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Stor positiv +3	Stort negativt -3	Stor negativ -3	Utbygging vil medføre omdisponering av to større områder som er del av kjerneområde for landbruk. Konsekvens er difor vurdert til å vere negativ.
Natur-mangfald	0	0	0	Det er ikkje viktige natur eller biologisk mangfald innanfor områda (Miljøstatus Norge).
Kultur-	+1	-1	-1	SEFRAK-bygg på gardstunet (derav eitt meldepliktig i samsvar med kulturminnelova, jf. Fylkesatlas).

minner og kulturmiljø				Borgstova (del av A) er vurdert til å ha verdi for nærmiljøet og er ein viktig del av Davik si historie. Ønska tiltak er vurdert til å ha ein liten negativ konsekvens.
Landskap	+1	0	0	Arealet ligg på eit mindre høgdedrag i nedre del av Davik. Utover gardstunet, er området i stor grad prega av ope kulturlandskap. Frå fylkesvegen i sør er det fjordutsikt. Terrenget skråa frå fylkesvegen i sør, mot fjord i nord.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	-1	-1	Ingen kjende bruksområdekonflikt for friluftsliv, men områda har verdi i forhold til nærmiljø og grønstruktur.
Barn og unge	0	+1	+1	Det er ikkje kjennskap til at områda har særleg verdi for born og unge i dag. Det vart ikkje trekt fram som favorittstad i elevoppgåve ved Davik skule. Nye bustadtomter kan vere positivt, då det kan legge til rette for tilflytting av barnefamiljar. Det er òg positivt at nye bustader ligg i nærleiken av skuleområdet og daglegvareforretning.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert, behov for tilrettelegging	Liten negativ verknad	Liten verknad	Her er delvis etablert vass- og kloakkanlegg som har kapasitet til vidare utbygging (kommunen). Manglar tilrettelagde gang- og sykkelvegssystem langs fylkesvegen. Liten negativ konsekvens, då utbygging vil føre til auka belastning på eksisterande teknisk infrastruktur og tilrettelegging i nye byggeområder.
Energi	Etablert	Ingen verknad	Ingen verknad	Ligg i etablert utbygd område og vil ikkje krevje nyetablering av kraftlinje, grunna god kapasitet.
Transportbehov	Delvis bilbasert	Liten	Liten verknad	Nær etablert vegsystem. Ønska tiltak vil ikkje føre til merkbar konsekvens for transportbehov og trafikk.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Positiv	Liten positiv verknad	Positiv	Ved å legge til rette for utviding av eksisterande bruk og opne for nye bustader, vil ein kunne styrke dette område.
Folkehelse	Liten positiv verknad	Positiv	Positiv	Ligg sentralt i Davik og er i gåavstand frå fleire bustader.
Forhold til framtidig utbyggingsstrategi	Positiv/negativ	Negativt	Negativ verknad	Ein opnar for ei naturleg utviding av eksisterande bruk, men ønska tiltak vil føre til omdisponering av viktig landbruksareal.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko		Havnivå		Nedre del av området er sårbart for stormflo og havnivåendring.
Verksemdrisiko				Ingen verksemd-erisiko.
Trafikk				Ønska tiltak vil kunne føre til større fare for trafikkulukker for mjuke trafikantar.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er løyst ved pumping frå sjø og vassdrag. God tilkomst til dei aktuelle områda frå fylkesvegen.
Støy og ureining				Delar av ønska tiltak er langs veg og ein mindre del er innanfor gul støysone (støykart, SVV). Tiltak vil

	ikkje føre til vesentleg auke i støy i området. Det er ikkje kjennskap til forureining i området.
--	---

Samla vurdering og konklusjon

Ei utbygging av bustader og hytter vil føre til at eit verdifullt landbruksareal blir beslaglagt og er ikkje i samsvar med kommunen si vurdering av kva areal som bør sikrast som kjerneområde for landbruk i Davik.

Forslaget blir med dette i stor grad forkasta, grunna verdifullt landbruksareal. Det opnast derimot for eit mindre framtidig bustadområde på 4,7 daa, B3. Dette arealet er ikkje del av kjerneområde for landbruk og avgrensing er i stor grad i samsvar med innspel (område B). Nytt byggeareal ligg i god tilknytning til framtidig gang- og sykkelveg.



Eksisterande bygg ved fylkesvegen, Prestegarden (foto Drage Bakke, januar 2015).

4.5.4 Offentleg tenesteyting - utviding av eksisterande områder

Gnr. 104, bnr. 50, 5 og 6

Føremål/bruk i dag	Ikkje regulert. Grensar til omsorgsbustader og Davik skule/idrettsanlegg.	
Forslag til ny arealbruk	Opne for utviding av byggeområde for Davik skule (A) og for tilrettelagde bustader (B).	
Arealstorleik	Ca. 27 daa	
Forslagsstillar	Folkemøte og Bremanger kommune	
Skildring	Fullldyrka jord på 104/50, 104/6 og 104/44. Grensar til utbygd areal i form av Davik skule sitt område og omsorgsbustader nord for fylkesveg, elles spreiddbygd LNF-område.	


Tema	Verdi	Om- fang	Konse- kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Liten positiv +1	Lite negativt -2	Liten negativ -2	Utbygging vil medføre omdisponering av to område registrert som fulldyrka mark, men som ikkje er del av kjerneområde for landbruk. Delar av arealet er i dag brukt til beite for sauder av leigetakar og har med dette lokal verdi. Samla vil føreslått avgrensing føre til tap av om lag 20 daa jordbruksareal (3 daa i område A og 17 daa i B).
Naturmangfald	0	0	0	Det er ikkje viktige natur eller biologisk mangfald.
Kulturminner og kulturmiljø	0	0	0	Her er ingen registrerte kulturmiljø eller SEFRAK-bygg.
Landskap	+1	0/-1	0/-1	Arealet ligg på eit mindre høgdedrag i nedre del av Davik, langs fylkesvegen. Område A ligg tett opp mot eksisterande skulebygg. Område B ligg som ope kulturlandskap og utbygging her vil gje negativ verknad for landskapsopplevinga.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	+2	+2	Justering av byggeområdet er vurdert til å ha positiv effekt for vidareutvikling av skuleområdet og opnar for bustader som ligg nært tenester som skule og butikk. Ikkje del av registrerte viktige friluftsområder.
Barn og unge	+1	+2	+2	Områda sin hovudverdi for barn- og unge i dag er vurdert til å vere knytt til Davik skule og tilhøyrande fotballbane og nærmiljøanlegg. Utviding av skulen sitt området vil opne for å kunne vidareutvikle eit offentleg tenesteområde.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert, behov for tilrettelegging	Liten negativ verknad	Liten verknad	Områda ligg i nærleiken av vass- og kloakkanlegg som har kapasitet til vidare utbygging (kommunen). Manglar tilrettelagde gang- og sykkelvegssystem langs fylkesvegen. Liten negativ verknad for omfang, då utbygging vil føre til auka belastning på eksisterande teknisk infrastruktur og føre til behov for tilrettelegging. Positivt med vidare utbygging, då det er god kapasitet.
Energi	Etablert	Liten verknad	Liten verknad	Ligg i utbygd område og vil ikkje krevje nyetablering av kraftlinje, grunna god kapasitet (kommunen).
Transportbehov	Delvis bilbasert	Kan gje auke	Liten verknad	Nær etablert vegsystem. Ønska tiltak vil ikkje føre til merkbar konsekvens for transportbehov og trafikk i området. Området ligg sentralt i Davik.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Positiv	Liten positiv verknad	Positiv	Ved å legge til rette for utviding av eksisterande bruk og opne for bustader, vil ein kunne styrke denne delen av Davik.
Folkehelse	Liten positiv verknad	Positiv	Positiv	Områda ligg sentralt i bygda og er i gaaustand frå fleire bustader.
Forhold til framtidig utbyggingsstrategi	Positiv	Positiv utvikling	Positiv/liten negativ	Ein opnar for ei naturleg utvikling av områda. Negativt med tanke på omdisponering av fulldyrka jord.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				

	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko	Naturrisiko			Ligg utanfor aktsemdområder for skred og over terrengnivå for fare for stormflo eller havnivåstigning. Er òg i god avstand til Storelva.
Verksemdrisiko				Ingen verksemdrisiko.
Trafikk				Auka utbygging vil kunne føre til større fare for trafikkulukker for mjuke trafikantar, då det ikkje er etablert gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Positivt med nærleik til Davik skule.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er løyst ved pumping frå sjø og vassdrag. God tilkomst til dei aktuelle områda frå fylkesvegen.
Støy og ureining				Områda ligg langs veg og ein mindre del er innanfor gul støysone (støykart, SVV). Tiltak vil ikkje føre til vesentleg auke i støy i området. Det er ikkje kjennskap til forureining i området.

Samla vurdering og konklusjon

Ei utbygging vil føre til at landbruksareal utgår, men gjennomgangen ovanfor viser at ønska tiltak har liten eller ingen konsekvens utover dette.

Det er i plankart opna for framtidig gang- og sykkelveg, som vil redusere faren for trafikkulukker langs delar av fylkesvegen.



Utbygging totalt sett er vurdert til å gje positive konsekvensar, då ein opnar for moglegheit til å vidareutvikle skuleområdet og bygging av sentrale bustader. Med vekt på landbruksomsyn og vurdering av reelt behov for nytt byggeareal, opnar kommunedelplanen for framtidig utbygging nord fylkesvegen og eit mindre areal i tilknytning til skulen. Dermed er det i endeleg framlegg omdisponert om lag 7 daa jordbruksareal på nordsida av fylkesvegen i delar av område B, samt 4 daa i område A. Resterande areal i B er regulert til LNF-føremål – i samsvar med eksisterande situasjon.

I arealdelen er utbyggingsområde for bustader vist som B1. Område A er del av felt for Davik skule, o_BOP4.

4.5.5 Ytre Davik – Haslerud, Bøen og Harneset, langs fylkesveg

Gnr./Bnr. 104/1, 100/4, gbnr 104/ 3, 5, 9, 10 , 19, 20, 30, 29, 37, 47 m.fl

Føremål/bruk i dag	Ikkje regulert. Landbruksareal og spreidd busetnad.	
Forslag til ny arealbruk	Opne for bustadfelt ved Haslerud (A) og Bøen (B), i tillegg til fortetting vest for fylkesvegen (C).	
Arealstorleik	Haslerud (A) ca. 24,5 daa. Bøen (B) ca. 71,5 daa, og ved Harneset/langs fylkesveg (C) ca. 177 daa.	
Forslagsstillar	Innspel frå grunneigar Gerd Drageset for eigedom ved Haslerud (A) og Bøen (B). Ytre Davik. Innspel for område ved Harneset (C) under folkemøtet.	
Skildring	Ved Haslerud (A) er det i dag bustader som er brukt til fritidsbustader og er omringa av jordbruksareal. Ved Bøen (B) er det eit nedlagt gardsbruk som blir brukt til reint bustadføremål. I nord er det skog og i sør dyrka mark (del av kjerneområde for landbruk). Langs fylkesvegen er det spreidd busetnad og større areal som er innanfor kjerneområde for landbruk.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Stor verdi +3 B/C	Stort negativt -3 B/C	Stor negativ verknad -3 B/C	Ønska utbyggingsområde B og C er del av kjerneområde for landbruk. Utbygging i landbruksareal blir vurdert til å gje stor negativ konsekvens i forhold til jordvern. Ønska tiltak i område A, Haslerud, vil ikkje gje stor negativ konsekvens, då det her er overflatedyrka jord og ikkje del av kjerneområde landbruk (Fylkesatlas).
Natur-mangfald	0	0	0	Det er ikkje sårbare artar innanfor områda (Miljøstatus Norge). Ein mindre del av område C, langs fylkesveg ved Øvrebø, er registrert som lokalt viktig naturtype og er i tillegg del av EDNA-område (spesielle naturkvalitetar). Avgrensinga følger elv som går i det aktuelle området, men i samsvar med rapport om biologisk mangfald gjeld dette eldre tre ved kyrkja («apostlane»), og difor ikkje del av ønska utbyggingsområde. Konsekvensen er med dette sett til ubetydeleg.
Kultur-minner og kulturmiljø	+1	0	0	Det er SEFRAK-bygg innanfor område for Bøen (B) (jf. Fylkesatlas). Utbygging er vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens for desse bygga. Det er ikkje registrert kulturmiljø i områda.
Landskap	+1	-2	-2	Areal innanfor B og C er prega å ope kulturlandskap med spreidd busetnad. Deler av Bøen (B) er dekkja av skog. Område A ligg på ei høgde, med skrått terreng frå vest mot aust. Her er det etablert eit gardstun, omkransa av kulturlandskap.

				Fortetting i desse områda, særleg Bøen (B) og Harneset (C), er vurdert til å få middels negativ konsekvens for landskapet.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	0	0	Ikkje del av registrerte viktige friluftsområder. Ingen kjend negativ konsekvens for nærmiljø, utover at ønska tiltak vil føre til fortetting i eit område som i dag i stor grad er prega av spreidd busetnad.
Barn og unge	0	+1	+1	Det er ikkje kjennskap til at nokon av områda har særleg verdi for born og unge i dag. Dei vart ikkje trekt fram som favorittstad i elevoppgåve ved Davik skule. Opne for bustadtomter kan vere positivt, då det kan legge til rette for tilflytting av barnefamiljar.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	Lite negativt	Liten negativ verknad	Områda har etablert vass- og kloakkanlegg som har kapasitet til vidare utbygging (kommunen). Manglar tilrettelagde gang- og sykkelvegssystem langs fylkesveg og kommunal veg. Utbygging vil føre til noko auka belastning på eksisterande teknisk infrastruktur. Fortetting ved Haslerud (A) vil krevje oppgradering av VA-system i området?. Tiltak vil gje liten negativ konsekvens for teknisk infrastruktur.
Energi	Delvis etablert	Lite omfang	Ingen verknad	Ligg i eit delvis utbygd område og vil ikkje krevje nyetablering av kraftlinje, grunna god kapasitet i alle dei tre områda.
Transportbehov	Delvis bilbasert	Lite negativt	Ingen verknad	Utbygging i områda ved Bøen (B) og Harneset (C) vil ikkje gje særleg konsekvens for transportbehov til Davik sine lokale tenester, då det ligg i gåavstand til mellom anna skulen. Haslerud (A) ligg på eit høgdedrag utanfor bygdekjerna. Utbygging i dette området vil skape større transportbehov enn ved område B og C. Grunna avgrensinga av område A, er det ikkje grunnlag for at det vil føre til vesentleg trafikkauke frå Haslerud. Konsekvens er vurdert til å vere ubetydeleg.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Positiv	Liten positiv verknad	Positiv	Utbygging vil kunne gje auka tenestebehov, noko som vil kunne vere positivt for skulen som har god elevkapasitet. Utbygging vil òg kunne auke innbyggjartalet i Davik. Konsekvensen er vurdert til å vere positiv for befolkningsutvikling.
Folkehelse	Positiv	Ingen Omfang 3333	Ingen verknad	Fortetting innanfor B og C kan føre til positiv konsekvens for folkehelse, då områda ligg i gåavstand til Davik sine tenester. Konsekvens er vurdert til å vere ubetydeleg.
Forhold til framtidig utbyggingsstrategi	Delvis negativ	Negativt	Stor negativ verknad	Det er vurdert til å ha negativt omfang for kommunen sin strategi for framtidig arealbruk, då ønska tiltak vil føre til omdisponering av landbruksjord og utbygging i skredutsette områder. Dette gjeld ikkje område A, Haslerud.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko	A		Fare for skred og flaum langs elveløp	Deler av Bøen (B) er innanfor aktsemdområde for både snø- og steinskred og flom- og jordskred. Det er òg flaumfare langs delar av Storelva i området B, Harneset. Området ved Haslerud (A) er ikkje innanfor


			B/C	aktsemdområder for skred eller anna kjend naturrisiko.
Verksemd-risiko				Ingen verksemd i det aktuelle området.
Trafikk				Auka utnytting vil kunne føre til større fare for trafikkulukker for mjuke trafikantar. Dette gjeld særleg utbygging langs fylkesvegen, område C.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er løyst ved pumping frå sjø og vassdrag. Tilkomst er tilfredsstillande for alle områda.
Støy og ureining				Område C ligg langs fylkesveg og ein mindre del er innanfor gul støysone (støykart, SVV). Tiltak vil ikkje føre til vesentleg auke i støy for nokon av dei tre aktuelle områda og konsekvensen er vurdert til å vere ikkje signifikant verken før eller etter eventuell utbygging.

Samla vurdering og konklusjon

Gjennomgang av ulike tema viser at dette er områder som delvis er sårbare for utbygging grunna kjerneområde for landbruk, skredfare og nærleik til elveløp. Med bakgrunn i dette og ROS-analysen som skildrar flaumfare langs Storelva ved Harneset (C), blir innspel i stor grad forkasta.

Då område ved Haslerud (A), ikkje vil få negativ konsekvens for landbruk og ikkje er innanfor aktsemdområder for skred, er vidare utbygging her vurdert som aktuelt. Dette vil bli ei mindre utviding av eksisterande bustadmiljø, vist som LSB2 i arealdelen. Tilkomst blir via privat veg frå kommunal veg. Området er vist som LB2 på plankartet og opnar for spreidd busetnad i landbruksområde. Plan tillata fortetting på maks 5 bueiningar.

Det er i tillegg opna for eit mindre område for spreidd bustadbygging ved Bøen, område B. Vist som føremål LSB1 i plankartet (framtidig arealbruk). Dette er eit areal som i hovudsak er open fastmark og utanfor kjerneområde for landbruk. LSB1 ligg innanfor aktsemdområde for skred og vil krevje skredvurdering før eventuell utbygging i området. Det er opna for inntil 3 bueiningar.



4.5.6 Hyttefelt ved Lida

Dekker deler av gbnr. 101/1, 2, 3 og 100/2

Føremål/bruk i dag	Ikkje regulert. Skogsareal.	
Forslag til ny arealbruk	Nytt hyttefelt.	
Arealstorleik	Ca. 23	
Forslagsstillar	Folkemøte	
Skildring	Området er dekket av skog og har tilkomst frå kommunal veg som strekker seg langs grensa til feltet i sør og vest. Det går eit elveløp gjennom det aktuelle feltet.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Liten verdi +1	Inge omfang 0/-1	Ingen 0/-1	Ønska areal for utbygging er ikkje del av kjerneområde for landbruk og det er ikkje dyrka jord i det aktuelle området. Området er registrert som skog med særskilt høg bonitet (Fylkesatlas). Utbygging vil gje ubetydeleg konsekvens for landbruk i området, men ha liten negativ verknad i forhold til skog.
Naturmangfald	+1	-1	-1	Det er ikkje viktige natur eller biologisk mangfald innanfor området (Miljøstatus Norge). Vil gje liten negativ verknad, då her er skog med særskilt høg bonitet.
Kulturminner og kulturmiljø	0	0	0	Her er ingen registrerte kulturminne eller verneverdige bygg.
Landskap	+1	-2	-2	Området er dekket av skog og ligg i skråa terreng, med helling mot sør. Det er delvist ope landskap aust for avgrensinga, elles omringa av skog. Tiltak vil føre til ei større endring av landskapet.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	0	0	Ikkje del av lokalt friluftsområde. Det er ikkje kjennskap til at det er turstiar i det aktuelle området.
Barn og unge	0	0	0	Det er ikkje kjennskap til at området har særleg verdi for born og unge i dag.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Ingen	Middels omfang	Middels verknad	Det er ingen teknisk infrastruktur i dag i dette området, sett vekk frå kommunal veg som følgjer avgrensinga i vest og sør. Tiltak vil krevje etablering av tilkomstvegar, vatn- og avløp m.m.
Energi	Delvis etablert	Lite omfang	Ingen verknad	Det er ikkje kjennskap til at utbygging i området vil gje betydeleg konsekvens for energi.
Transportbehov	Delvis bilbasert	Ingen verknad	Ingen verknad	Då det er innspel om å opne for fritidsbustader i dette området, vil det berre i periodar bli skapt større transportbehov/trafikk i området. Konsekvensen er vurdert til å vere ubetydeleg.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen	Ingen omfang	Ingen verknad	Det er ingen tiltak i området i dag og det har ingen verdi for tenestebehov. Fritidsbustader innanfor det aktuelle arealet er vurdert til å gje ubetydeleg konsekvens for dette temaet.

Folkehelse	Ingen	Ingen omfang	Ingen verknad	Det er ikkje kjennskap til at det aktuelle området er del av eit lokalt friluftsområde og er her er ikkje registrert turstiar i kartgrunnlaget.
Forhold til framtidig utbyggingsstrategi	Positiv	Positiv	Liten positiv verknad	Positivt å legge framtidig utbyggingsområde utanfor kjerneområde for landbruk.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko			Skredfare	Austleg del av hytteområdet er innanfor aktsemdområde for skred, då det er bratt terreng som går gjennom området. Konsekvensen er med bakgrunn i dette sett til stor negativ. Ikkje signifikant risiko ved utbygging utanfor dette arealet.
Verksemdrisiko				Ingen verksemd i det aktuelle området.
Trafikk				Vil ikkje gje vesentleg konsekvens for trafikk.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er løyst ved pumping frå sjø og vassdrag. Tilkomst via kommunal veg er tilfredsstillande.
Støy og ureining				Utbygging vil ikkje medføre vesentleg auka trafikkstøy. Konsekvens er vurdert til å vere ubetydeleg.

Samla vurdering og konklusjon

Det er ikkje ønskeleg å legge til rette for utbygging i skredutsette område, men elles vert lokalisering sett på som godt eigna til utbygging. Med tanke på vurderingar og konklusjon gjort knytt til ønska tiltak ved Davikneset (jf. kap. 4.5.10), der ein opnar for spreidd utbygging av fritidsbustader, ser ein det som positivt for Davik si utvikling å opne òg for fastbuande innanfor det aktuelle området. Dette vil kunne gje positiv verknad på innbyggjartal. Tilkomstveg til feltet er kommunal og har lite trafikk.

Konklusjon er at planen opnar for eit utbyggingsområde utanfor faresone for skred, vist som B/F4 i plankartet – med opning for både bustader og fritidsbustader. Området er etter offentleg ettersyn blitt redusert frå 17 daa til 9 daa.



4.5.7 Årseth - fritidsbustader

Gnr. 103, bnr. 4


Føremål/bruk i dag	Ikkje regulert. Landbruksareal.	
Forslag til ny arealbruk	3 framtidige fritidstomter	
Arealstorleik	Ca 3 daa	
Forslagsstillar	Innspel frå grunneigar Årseth ved kunngjering oppstart	
Skildring	Det aktuelle arealet er ein mindre del av ein landbrukseigedom og her er ingen eksisterande tiltak. Her er i dag ope kulturlandskap og eit mindre skogsområde. Skrå terreng som vender seg frå sør mot nord, med utsikt mot Davikneset.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Liten positiv +1	Lite negativt	Ingen -1	Ønska utbyggingsområde er ikkje del av kjerneområde, men er delvis registrert som innmarksbeite og skog (Fylkesatlas). Konsekvens er vurdert til å vere liten negativ for landbruk.
Natur-mangfald	0	0	0	Det er ikkje viktige natur eller biologisk mangfald innanfor området (Miljøstatus Norge). Ønska tiltak er med bakgrunn i dette vurdert til å gje ubetydeleg konsekvens for naturmangfaldet.
Kultur-minner og kulturmiljø	0	0	0	Her er ingen registrerte kulturminne eller verneverdige bygg.
Landskap	+1	-1	-1	Kulturlandskap i ein større del av det aktuelle området. Prega av beitemark og overflatedyrka jord. I sør er det skog. Tiltak vil gje ein liten negativ konsekvens for landskapet, som i dag ligg ubyggd.
Nærmiljø og friluftsliv	0	0	0	Ikkje registrert som viktig lokalt friluftsområde. Utbygging vil ikkje føre til forringing av nærmiljø og viktige grøntdrag i Davik.
Barn og unge	0	0	0	Det er ikkje kjennskap til at området har særleg verdi for born og unge i dag.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Ingen	Middels omfang	Middels verknad	Det er ingen teknisk infrastruktur i dag. Tiltak vil krevje etablering av tilkomstvegar, vatn- og avløp m.m. (kommunen).
Energi	Delvis etablert	Lite omfang	Ingen verknad	Det er ikkje kjennskap til at utbygging vil gje betydeleg konsekvens for energi.
Transport-behov	Delvis bilbasert	Ingen verknad	Ingen verknad	Då det er innspel om å opne for fritidsbustader i dette området, vil det berre i periodar bli skapt større transportbehov/trafikk i området. Konsekvensen er vurdert til å vere ubetydeleg.
Befolknings-utvikling og teneste-behov	Ingen	Ingen omfang	Ingen verknad	Konsekvensen er vurdert til å vere ubetydeleg, då det er snakk om 3 nye fritidsbustader.

Folkehelse	Ingen	Ingen omfang	Ingen verknad	Utbygging vil ikkje ha verknad på folkehelse. Konsekvens er sett til ubetydeleg.
Forhold til framtidig utbyggingsstrategi	Positiv	Lite negativt	Liten negativ verknad	Ønska tiltak vil føre til omdisponering av eit mindre jordbruksareal.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko			Skred	Det er ingen tiltak i området i dag. Ein mindre del i vest er innanfor aktsemdområde for stein- og snøskred. Konsekvensen er med bakgrunn i dette sett til uakseptabel, men storleik på arealet tilseie at ein kan legge bygg utanfor skredsona og likevel få plass til 3 fritidsbustader.
Verksemdrisiko				Ingen verksemd i det aktuelle området.
Trafikk				Vil ikkje gje vesentleg konsekvens for trafikk.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er løyst ved pumping frå sjø og vassdrag. Tilkomst frå kommunal veg må ved utbygging av området vere tilfredsstillande for utrykkingskøyretøy.
Støy og ureining				Utbygging vil ikkje gje vesentleg auka trafikkstøy. Konsekvens er vurdert til å vere ubetydeleg.

Samla vurdering og konklusjon

Ønska tiltak er 3 tomter for fritidsbustader i eit avgrensa areal utanfor kjerneområde for landbruk, og i tilknytning til etablert gardstun. Omfanget av tiltaket og konklusjonen etter gjennomgang av KU-tema er at ein unngår plankrav for dette området. Ønska område som er innanfor skredsona utgår.



Det er i plankartet lagt inn eit mindre område på 4,2 daa for 3 framtidige tomter for fritidsbustader, vist som BFR1. Kommunen kan i samband med byggjesøknad krevje situasjonsplan, som mellom anna vise planlagd plassering av alle 3 bygg og tilkomstveg.

4.5.8 Næring – framtidig

Gnr/bnr 102/5 og 105/22

Føremål/bruk i dag	Ikkje regulert. Tidlegare sandtak på gbnr. 102/5 og skog på 105/22	
Forslag til ny arealbruk	Næring	
Arealstorleik	Ca. 6,6 daa på område A og 4 daa på område B	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Område B ligg mellom skuleområdet og etablert bustadfelt. Tidlegare sandtak på gbnr. 102/5 (A) og skog på 105/22 (B).	


Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Ingen 0	Ingen 0/-1	Ingen 0/-1	Ønska næringsområde B er ikkje del av kjerneområde for landbruk, men her er registrert skogsareal med særskilt høg bonitet (Fylkesatlas). Område markert som A, gbnr. 102/5, har tidlegare vore eit sandtak og her er difor ikkje eigna landbruksareal. Konsekvens er vurdert ubetydeleg for landbruk.
Natur-mangfald	0/+1	0/-1	0/-1	Det er ikkje viktige natur eller biologisk mangfald innanfor område A og B (Miljøstatus Norge). Skog med særskilt høg bonitet i område B.
Kultur-minner og kulturmiljø	0	0	0	Her er ingen registrerte kulturminne eller verneverdige bygg.
Landskap	0/+1	+1/-1	+1/-1	Tiltak vil få eit lite negativt omfang i område B, der det i dag er skog. I område A er det i dag eit steinbrot, der tiltak kan få positiv konsekvens for opplevinga av dette området, som i dag ligg som eit ope sår i landskapet.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	-2	-1	Områda er ikkje registrert som viktige lokale friluftsområde. Næringsaktivitet i området kan skape negativ verknad for nærmiljøet. A ligg i nær av bustader og B ligg nær både skuleområdet og bustader.
Barn og unge	0	-1	-1	Det er ikkje kjennskap til at området har særleg verdi for born og unge i dag, utover at område B ligg i nærleiken av skulen sitt uteareal.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Ingen	Middels omfang	Middels verknad	Det er ingen teknisk infrastruktur i områda. Tiltak vil krevje etablering av intern infrastruktur som t.d. vegløyning, vatn- og avløp m.m. Dette gjeld særleg område B. Dersom næringsaktivitet medføre tungtrafikk, kan det bli behov for oppgradering av tilkomstveg.
Energi	Delvis etablert	Lite omfang	Ingen verknad	Det er ikkje kjennskap til at utbygging i området vil gje betydeleg konsekvens for energi.
Transport-behov	Delvis bilbasert	Lite omfang	Liten negativ	Næringsaktivitet vil kunne auke trafikken i områda.

Befolknings- utvikling og teneste- behov	Ingen	Lite omfang	Liten positiv	Ønska føremål kan skape arbeidsplassar i Davik.
Folkehelse	Ingen	Liten negativ	Ingen verknad	Ingen verknad.
Forhold til framtidig ut- byggings- strategi	Positiv	Lite negativt	Liten negativ verknad	Ønska tiltak i område B, gbnr. 105/22, vil føre til omdisponering av eit mindre areal der det i dag er skog. Område A, gbnr. 102/5, er delvis innanfor skredområde.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Aksep- tabel	Uaksep- tabel	
Naturrisiko	Område B 105/22		Område A, skredfare	Det er ingen tiltak i området i dag. Ein del av område A er innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred.
Verksemd- risiko				Ingen verksemdar i det aktuelle området.
Trafikk				Ønska tiltak vil gje tidvis auka trafikk i dei aktuelle områda. Særleg negativt ved område B, som grensar til skulen sitt uteareal.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er løyst ved pumping frå sjø og vassdrag. God tilkomst frå kommunal veg til område A. Ved utbygging av område B, må veg frå fylkesvegen til nytt næringsareal vere tilfredsstillande for utrykkingskøyretøy.
Støy og ureining				Utbygging vil ikkje gje vesentleg auka trafikkstøy. Konsekvens er vurdert til å vere ubetydeleg.


Samla vurdering og konklusjon

Ein opnar for framtidig næringsareal i begge områda, men føresegnene legg føringar på kva type aktivitet som kan etablerast. Dette er særleg naudsynt i område B, som grensar til Davik skule sitt uteareal. Nabolik mellom næring og skule kan vere negativt, særleg viss det er aktivitet som fører til støy og tungtrafikk.

Områda er lagt ut som BN2 og BN3 i plankartet.



4.5.9 Nærings- og industriområde

Føremål/bruk i dag	Ikkje regulert. Landbruksareal på delar av gbnr. 104/3,8,15,13 (Kviane). Strandsone på ønska nytt industriareal, del av gbnr. 104/7 og 23).	
Forslag til ny arealbruk	Framtidig industriareal nord for Hauesanden (A) og næringsareal ved Kviane (B).	
Arealstorleik	Ca. 37 daa	
Forslagsstillar	Folkemøte	
Skildring	Ønska industriområde sør for fylkesveg (A), på gbnr. 104/7, er del av funksjonell strandsone. Her er det i dag òg eit mindre landbruksareal. Område B ligg sør for Davik skule og er registrert som landbruksareal og myrområde.	

Tema	Verdi	Om- fang	Konse- kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Liten verdi +1	Lite negativt -1	Liten negativ verknad -1	Området A er registrert som skogsområde med særskilt høg bonitet, medan ein mindre del av B er fulldyrka jord. Ikkje del av kjerneområde for landbruk.
Naturmangfald	+1	-1	-1	Det er ikkje sårbare artar innanfor dei aktuelle områda. Det er heller ikkje registrert viktige naturtypar, utover ålegras i sjø ved område A (Miljøstatus Norge). Ingen konsekvens for naturmangfald på land. Tiltak i område A innebere utfylling i sjø, som er del av utbreiingsområde for fleire fiskeartar (Miljøstatus Norge). Graden av utfyllinga er vurdert til å skape liten negativ verknad.
Kulturminner og kulturmiljø	0	0	0	Her er ingen registrerte kulturmiljø eller SEFRAK-bygg i dei aktuelle område (Fylkesatlas). Utbygging vil ha ubetydeleg konsekvens for kulturminne og miljø.
Landskap	+1	-2	-2	Område A ligg i funksjonell strandsone og er dekkja av skog. Ønska føremål vil føre til endring av landskapet, då det vil krevje utfylling i sjø ved elveutløpet i sørvest. Område B er del av eit landskap som framstår som reaktivt flatt og ope i dei areala som er fulldyrka, medan det blir meir kupert i skogen. Det går eit bekkedar i aust, som er del av registrert myrområde. Det går òg eit elveløp vest for ønska næringsareal. Tiltak innanfor både A og B vil ha middels negativ konsekvens for landskapet, då det vil krevje tiltak både i forhold til elveløp og myr. Ønska tiltak i område A vil òg føre til store inngrep i strandsone (utfylling).
Nærmiljø og friluftsliv	+1	-2	-2	Området ligg òg i god avstand frå Hauesanden. Område B ligg i nærleik av fotballbana på Davik skule, som er eit viktig område både i og utanfor skuletid for borna i bygda. Tiltak i begge områder vil

				få negativ konsekvens for grønstruktur og nærmiljø, men ikkje friluftsliv.
Barn og unge	+1	-2	-2	Sjølv om ønska industri i område A ligg i god avstand frå Hauesanden, kan utbygging forringe opplevinga av sanden då nye tiltak vil kunne føre til fjernverknad som t.d. støy. Område B ligg i nærleik av skulen, som mellom anna er lokalitet for fotballbana som er ein viktig arena for born og unge i bygda.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	Lite omfang	Liten verknad	Utover vegar til områda (FV og KV), er det ikkje teknisk infrastruktur i A og B.
Energi	Delvis etablert	Lite omfang	Liten verknad	Det er ikkje kjennskap til at utbygging i området vil gje betydeleg konsekvens for energi.
Transportbehov	Delvis bilbasert	Ingen verknad	Ingen verknad	Nær etablert vegsystem. Ønska tiltak vil ikkje føre til merkbar konsekvens for transportbehov og trafikk i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Positiv	Liten positiv	Liten positiv verknad	Ved å legge til rette for industri og næring innanfor A og B, vil ein kunne få nye lokale arbeidsplassar.
Folkehelse	Positiv	Delvis negativ	Ingen vesentleg verknad	Industri og næringsaktivitet kan føre til støy, som kan gje negativ konsekvens for omgjevnadane.
Forhold til framtidig utbyggingsstrategi	Delvis negativ	Liten negativ	Liten negativ	Forslaga er innanfor aktsemdområder for skred.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko			Jord- og flaumskred, havnivå	Det er ikkje eksisterande bygningar innanfor areala i dag. Deler av både område A og B ligg innanfor aktsemdkart for skred. Område A ligg i strandsona, og er sårbar for havnivåstigning og stormflo. Nærleik til Storelva sitt elveutløp, skredfare i begge områda, myrområde og nærleik til mindre elvar i område B. Dette vil skape eit stort negativt omfang ved ei eventuell utbygging i desse to områda. Konsekvensen er vurdert som uakseptabel.
Verksemderisiko				Ingen verksemder i det aktuelle området.
Trafikk				Ønska tiltak vil kunne føre til auke i trafikk og fare for trafikkulukker med mjuke trafikkantar. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs tilkomstvegane for områda.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er ikkje må løysast ved pumping frå sjø og vassdrag.
Støy og ureining				Ein mindre del av 2 er utsett for trafikkstøy frå fylkesvegen. Elles ingen kjende støykjelder.

Samla vurdering og konklusjon


Ei utbygging vil føre til at eit mindre landbruksareal blir beslaglagt og utbygging i funksjonell strandsona. Gjennomgangen syner at å opne for ønska tiltak kan gje positiv utslag i form av at

det kan opne for etablering av nye arbeidsplassar i bygda. Likevel har det dei seinare åra har vore liten aktivitet på eksisterande industriområde ved Hauesanden (vist som BN1 i plankartet, eksisterande arealbruk).

Innspela har blitt vurdert opp mot andre ønska næringstiltak i Davik og med bakgrunn i konsekvensutgreiinga blir forslaga forkasta. Områda er vist med LNF-føremål i plankartet.

4.5.10 Davikneset - utbygging

Gnr. 98, bnr. 6, 9, 15, 18, 26, 27 m.fl.


Føremål/bruk i dag	Delvis regulert til hyttefelt i nord, elles ikkje regulert.	
Forslag til ny arealbruk	Opne for bustad- og hyttetomter	
Arealstorleik	Ca. 300 daa	
Forslagsstillar	Folkemøte, privat innspel om naust på gbnr. 98/29 og 98/9.	
Skildring	Områda vest for fylkesvegen er prega av bratt terreng, der det i dag er spreidd busetnad av einbustader, fritidsbustadar og gardar. Aust for fylkesvegen er området òg prega av spreidde bustader. I nordaustleg del er det eit eksisterande hyttefelt som er del av plan for Daviknes hyttegrennd. Elles er det funksjonell strandsone og jord- og skogsareal. Fleire naustmiljø ved sjø.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Liten verdi +1	Middels negativt -2	Negativ verknad -2	Ønska utbyggingsområde er ikkje del av kjerneområde for landbruk, men delar er registrert som full- og overflatedyrka jord, i tillegg til innmarksbeite (Fylkesatlas). Elles er det skog som er registrert med sær høg bonitet. Utbygging vil gje negativ konsekvens for landbruk, særleg vest for fylkesvegen.
Natur-mangfald	+1	-1	-1	Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området. Ein mindre del i vest er vist som lokalt viktig naturtype og er del av EDNA-område (spesielle naturkvalitetar) (jf. Miljøstatus Norge og rapport om biologisk mangfald). Ønska tiltak vil med dette få ein liten negativ konsekvens for naturmangfaldet.
Kultur-minner og kulturmiljø	+1	0	0	Her er fleire bygg som registrert som SEFRAK-bygg (jf. Fylkesatlas). Her er ingen registrerte kulturmiljø. Utbygging er vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens.
Landskap	+1	-2	-1	Davikneset strekk seg mot aust og er synleg frå store delar av bygda. Det aktuelle området er i stor grad prega av bratt terreng. Her er skogsareal, men òg fleire opne områder som blir nytta til landbruk. Området er spreidd utbygd med gardstun, einbustader og fritidsbustader. Det er i tillegg naust langs sjø.

Nærmiljø og friluftsliv	+1	-1	-1	Ingen kjende bruksområdekonflikt for friluftsliv, men Nordsjøløypa går i ein mindre del av området. Elles har strandsona rekreasjonsverdi for nærmiljøet. Utbygging kan med dette få ein liten negativ konsekvens.
Barn og unge	+1	+1	+1	Det er ikkje kjennskap til at området har særleg verdi for born og unge i dag, utover at delar ligg i funksjonell strandsone og Nordsjøløypa er i nordaustleg del av planområdet. Det vart ikkje trekt fram som favorittstad i elevoppgåve ved Davik skule. Opne for bustadtomter kan vere positivt, då det kan legge til rette for tilflytting av barnefamiliar.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	Middels negativ verknad	Middels negativ verknad	Området har etablert vass- og kloakkanlegg som har kapasitet til vidare utbygging (kommunen). Manglar tilrettelagde gang- og sykkelvegssystem langs fylkesvegen. Utbygging vil føre til auka belastning på eksisterande teknisk infrastruktur. Fylkesvegen er i delar av området i dårleg stand og har dårleg sikt. Eventuelle nye avkøyrsepunkt må vurderast nøye. Utbygging vil skape ein middels negativ konsekvens.
Energi	Etablert	Lite omfang	Liten verknad	Utbygging vil kunne skape ein liten verknad for energi.
Transportbehov	Bilbasert	Negativt omfang	Middels negativ verknad	Området ligg i utkanten av Davik sine lokale tenester som skule, barnehage og daglegvarebutikk. Utbygging av bustader vil gje eit auka transportbehov frå området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Positiv	Liten positiv verknad	Positiv	Utbygging vil kunne gje auka tenestebehov, noko som vil kunne vere positivt for skulen som har god elevkapasitet. Utbygging vil òg kunne auke innbyggjartalet i Davik. Konsekvensen er liten positiv.
Folkehelse	Positiv	Ubetydeleg	Ingen verknad	Då området har verdi i form av rekreasjon (turterreng, strandsone), har det positiv verdi for folkehelse i dag. Området ligg utanfor Davik sin bygdekjerne. Ein er avhengig av bil for å kunne nytte seg av tenester som skule og daglegvarebutikk, då det ikkje er trygt å ferdast langs veg som mjuk trafikant. Utbygging vil ikkje fremje folkehelse, men vil ikkje ha betydeleg negativt omfang for temaet heller. Konsekvens er vurdert til å vere ubetydeleg.
Forhold til framtidig utbyggingsstrategi	Delvis negativ	Delvis negativ utvikling	Liten negativ verknad	Det er vurdert til å ha middels negativt omfang for kommunen sin strategi for framtidig arealbruk, då ønska tiltak vil føre til omdisponering av landbruksjord og utbygging i aktsemdområde for skred.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko			Skred Havnivå Stormflo	Nedre deler av området er sårbart for stormflo og havnivåendring og delar er innanfor skredsoner.
Verksemdrisiko				Ingen verksemd i det aktuelle området.

Trafikk				Uoversiktleg vegstrekning. Auka trafikk vil føre til større fare for trafikkulukker.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er ikkje må løysast ved pumping frå sjø og vassdrag.
Støy og ureining				Området ligg langs veg og ein mindre del er innanfor gul støysone (støykart, SVV). Tiltak vil ikkje føre til vesentleg auke i støy i området. Det er ikkje kjennskap til forureining i området.

Samla vurdering og konklusjon



Gjennomgangen av tema syner at det er hovudvekt av negativ konsekvens for utbygging av skissert areal. Forslaget blir med dette delvis forkasta, grunna omsyn til jordvern og naturrisiko. Skredfaren er særleg utbreidd i bratt terreng vest for fylkesveg.

Dårleg sikt langs veg og ved fortetting bør eksisterande avkøyrslar nyttast.

Reguleringsplan for Davik hyttetreng vidareførast.

På delar av neset, i hovudsak i områder som er registrert som open fastmark, opnar ein for ei mindre fortetting av bustader og fritidsbustader. Langs sjø vidarefører arealdelen eksisterande naustmiljø og småanlegg, med opning for to nye avgrensa nausttomtar på gbnr. 98/29 og 98/9 (del av BAB1 og BAB3). Føresegner legg føringar på konkret tal på nye naust og bustad- og fritidseiningar.

4.5.11 Småbåtanlegg – eksisterande/utviding

Føremål/bruk i dag	Ikkje regulert. Eksisterande småbåthamner.	
Forslag til ny arealbruk	Småbåthamner. Utviding av område E og delar av D.	
Arealstorleik	Usikkert.	
Forslagsstillar	Folkemøte og Bremanger kommune	
Skildring	Dette er områder der det i dag er etablerte småbåthamner i ulike storleiker. Dei i ligg hovudsak i tilknytning til etablerte moloar og naustmiljø.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Vurdering av konsekvensar
MILJØ				
Jordvern	Ingen 0	Lite negativ -1	Liten negativ -1	Områda ligg i sjø. Utviding av småbåthamner vil kunne føre til auka behov for areal til parkering på land og etablering av tilkomstveg. Konsekvens er difor vurdert som liten negativ.

Naturmangfald	+1	-1	-1	Område A-C er del av utbreiingsområde for nordsjøsilid og beiteområde for vårgytande silid. (Miljøstatus Norge). Det er ikkje sårbare artar i dei aktuelle områda. Ønska tiltak er med bakgrunn i dette vurdert til å kunne gje liten negativ konsekvens for naturmangfaldet.
Kulturminner og kulturmiljø	0	0	0	Her er ingen registrerte kulturminne eller verneverdige bygg.
Landskap	+1	-1	-1	Fjordvika er ein viktig del av Davik sitt landskap. Utviding av småbåthamner vil kunne gje noko negativ konsekvens, då det vil føre til tiltak i strandsona. Konsekvensen er sett til liten negativ.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	-2	-1	Etablering og eventuelle utvidingar av småbåthamnene vil føre til inngrep i strandsona, og vil kunne skape negativ fjernverknad for nærmiljø i form av støy og utslepp i sjø. Særleg negativt å utvide bruken av småbåthamner ved Haugesande, innanfor område D. Då småbåthamner på den andre sida betrar tilgangen til fjorden som rekreasjonsområde, er konsekvensen vurdert til å totalt sett vere liten negativt.
Barn og unge	+1	+2/-1 område D	+2/-1 område D	Lokalisering av småbåthamnene er ikkje i nærleiken av områder i bygda som elever ved Davik skule trekte fram som sine favorittstader i elevoppgåva. Mellom anna valte mange å teikne Hauesanden. Småbåthamner i område D ligg i nærleiken av sanden, og naboskap vil kunne vere negativt. Derimot vart det av fleire elever påpeikt at det å vere i båt på fjorden var deira «favorittstad» i Davik. Småbåthamner vil gje fleire moglegheit til å ha båt og vil med dette auke tilgangen til fjorden for barn og unge. Konsekvensen er med dette sett til middels positiv for dei andre områda
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	Middels omfang	Middels verknad	Kan bli behov for utbetring av infrastruktur i dei områda der ein opnar for utviding (betring av tilkomstvegar, etablering av parkering, servicebygg).
Energi	Delvis etablert	Lite omfang	Liten verknad	Det er snakk om fleire mindre småbåthamner. Hamna ved Sandvika (område E) ligg sentralt i Davik og forslaget opnar for utviding av denne. Her må det etablerast moglegheit for strømuttak.
Transportbehov	Delvis bilbasert	Liten verknad	Liten verknad	Tilkomst til småbåthamnene vil kunne gje ein liten negativ verknad for området i Sandvika. Der ønskjer ein å opne for utviding og kan dermed få ei liten auke i trafikk til området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen	Ingen omfang	Ingen verknad	Konsekvensen er vurdert til å vere ubetydeleg.
Folkehelse	Positiv	Positivt omfang	Positiv verknad	Ved å legge til rette for rekreasjonsmoglegheiter på fjorden, har ein vurdert småbåthamnene til å gje positiv konsekvens for folkehelsa.
Forhold til framtidig ut-	Positiv	Positivt omfang	Liten positiv verknad	Kommunen ønskjer å legge til rette for at innbyggjarane i Bremanger kan nytte seg av kystkvalitetar som tilgang til fjorden. Då det i Davik

byggingsstrategi				er snakk om mindre småbåthamner, er konsekvens sett til liten positiv.
SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS				
	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
Naturrisiko				Skredfare er ikkje eit aktuelt tema for tiltak som småbåthamner. Tiltak er sårbare for ekstremvær som storm og bølger, i tillegg til havnivåstigning. Konsekvens er vurdert til å vere akseptabel.
Verksemdrisiko				Ingen verksemdar i dei aktuelle områda, utover nærleik til daglegvarebutikk ved Sandvika. Ingen risiko knytt til dette.
Trafikk				Tiltaka vil ikkje gje uakseptabel konsekvens for trafikk.
Beredskap				Det er brannstasjon på Davik, i tillegg til i Svelgen og Rugsund. Sløkkjevasskapasiteten er ikkje må løysast ved pumping frå sjø og vassdrag.
Støy og ureining				Områda er utanfor støysone for fylkesveg (SVV). Ingen andre kjende støykjelder i området, utover eksisterande bruk av område til småbåtar. Småbåthamner kan føre til utslepp av drivstoff i sjø ved ulukker eller lekkasjar.

Samla vurdering og konklusjon

Tilgang på båtplass er ein viktig kvalitet for innbyggjarar som bur langs kysten. Fjorden blir av mange brukt til rekreasjonsområde. Det er likevel viktig at ein i overordna planlegging legg føringar på kvar småbåthamner skal kunne etablerast. I Davik opnar ikkje kommunedelplanen for etablering av nye småbåthamner, då det i dag er fleire mindre småbåthamner i vika.

Konsekvensutgreiinga gjeld med dette eksisterande anlegg og verknader ved utviding av hamn ved Sandvika (område E).

Gjennomgang av konsekvensar for ulike tema syner at tiltak vil vere positivt for mellom anna folkehelse og friluftsliv. Eksisterande anlegg vidareførast i planen og det blir lagt til rette for ei mindre utviding ved i Sandvika som har føremål VS1 på plankart. Tilhøyrande anlegg på land må etablerast innanfor BAB16. To mindre moloar vest i område D (i tilknytning BAB 12 i plankartet) er ikkje vist med føremål for anlegg i sjø, då desse ligg i nærleiken av eit lokalt viktig friluftsområde.



Eksisterande småbåthamn ved Sandvika, område E (foto Drage Bakke, januar 2015).

4.6 Samla verknad av arealbruken

4.6.1 Arealrekneskap

AREALTABELL			
	Sum areal (daa)	Nytt byggeareal (ca.)	Avgang landbruksareal (ca.)
§11-7. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg			
BAB, andre typer bebyggelse og anlegg (BAB1-24)	26,8	0,8	0,8
Bustader (B1-4)	87,6	35,7	18,5
Fritidsbebyggelse (BFR1-2)	46,3	4,2	4,2
Kombinert bebyggelse og anleggsformål (B/F1-4)	19,6		
Næring (BN1-4)	24,9	16,9	10,1
Offentleg eller privat tenesteyting (BOP1-7)	51,5		
Sum areal:	256,5	55,8	32,1
§11-7. Nr. 3 - Grønnstruktur			
Friområde (GF1)	5,3		
Naturområde -grønnstruktur (GN1-3)	1,5		
Sum areal:	6,7		
§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftformål			
LNF-areal for spredt bustad- fritids- eller næring (LS1-4)	31,8		
LNF-areal for nødvendige tiltak (LNF1-2)	4754,1		
Spredde bustader (LSB1-6)	86,3	3,3	3,3
Sum areal denne kategori:	4872,1	3,3	3,3
§11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone			
Friluftsområde (VFR1)	67,2		
Naturområde (VN1)	2303,6		
Småbåthamn (VS1)	15,5		
Sum areal denne kategori:	2386,3		
Totalt alle kategoriar: 7532			

Avgang landbruksareala er ikkje eksakte, men dei gir eit korrekt bilde av situasjonen. Fortettingsareal innanfor eksisterande arealbruk er ikkje del av nytt byggeareal og avgang landbruksareal i tabellen ovanfor. Heller ikkje er det teke omsyn til areal for vegar og grøntareal.

4.6.2 Samla vurdering

Jordvern

Planen tar vare på dyrka jord i stor grad og det er i vurderingar av ønska tiltak innanfor einskildområder teke særleg omsyn til landbruksinteresser.

Totalt vil ny utbygging føre til at om lag 40,2 daa utgår. Utbyggingsareala er i hovudsak lagt utanom kjerneområde for landbruk (omsynssone H510). Områder lagt ut som LNF-områder med spreidd busetnad (både for fastbuande og fritid) er òg utanfor omsynssone for landbruk, sett vekk frå eit mindre område (LSB2).

Samla verknad for jordvern er med dette vurdert til å vere akseptabel.

Naturmangfald

Det er i Davik registrert to områder som viktige naturtypar, vist med omsynssone H560 «Bevaring naturmiljø». Planen opnar ikkje for tiltak innanfor desse to områda, utover at eksisterande næringsareal er delvis innanfor sone for ålegrassamfunn (i sjø).

Fortetting og framtidig utbyggingsareal er vurdert til å ikkje gje negativ verknad for naturmangfald i Davik.

Kulturminne og kulturmiljø

Ingen av tiltaka som planen opnar for har blitt vurdert til å ha negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Områda kring Borgstova (del av o_BOP6) og Jørntunet (del av BOP7) er sikra gjennom omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570_1-2).

Automatisk verna lokalitetar er markert med omsynssone for bandlegging etter lov om kulturminne (H730_1-2). Dette gjeld mellom anna området rundt kyrkja i Davik, som er listeført (innanfor omsynssone H730_2, ID 84021 -4). Planen opnar ikkje for bygningsmessige tiltak innanfor desse områda.

Samla verknad for kulturminne og kulturmiljø er vurdert til å vere akseptabel. Positivt for Borgstova og Jørntunet at planen legg føringar for vidare bruk av desse områda.

Landskap

Bygging i funksjonell strandsone er vurdert til å kunne gje ein liten negativ verknad for landskapet i Davik. Planen har difor avgrensa fortetting/utviding knytt til eksisterande tiltak, som t.d. småbåthamn og naustmiljø.

Davik sitt landskap, som er prega av større opne areal, vil ikkje bli vesentleg endra som følge av utbygging etter plan. Ny utbygging vest og sør for fylkesvegen er òg i stor grad lagt til fortetting i eksisterande bygningsområder.

Det er i føresegner sett krav om at ny utbygging skal ha god terrengtilpassing. Dette er særleg viktig i skråa terreng t.d. ved Davikneset. Samla verknad for tiltak som planen opnar for, er vurdert til å vere akseptabel med tanke på temaet landskap.

Nærmiljø og friluftsliv

Lokalt viktig friluftsområde er sikra i planen. Hauesanden og tilgrensande sjøareal er vist med friluftsmål i plankartet (f_GF1 og f_VFR1).

Med tanke på næring, kan framtidig areal for dette formålet skape utfordringar for nærmiljøa. Dette er særleg aktuelt ved området BN3, som grensar i vest mot Davik skule. Føresegner legg difor føringar på kva tiltak ein opnar for i dette området. Framtidig areal for campingplass, BN4, vil krevje godkjent detaljreguleringsplan.

Nærmiljøa vil ikkje få uakseptabel konsekvens av tiltaka planen opnar for, med føresetnad at krav som er stilt i føresegner blir følgt opp. Dette gjeld særleg aktivitet knytt til næring som ligg i naboskap til busetnad og skuleområdet.

Barn og unge

Det vart ikkje gjennomført barnetrakkregistreringar i samband med planarbeidet, men elevoppgåve ved Davik skule før varsling av planoppstart. Her vart mellom anna landskapet, skuleområdet, nærleik til fjell og sjø trekt fram som favorittstader/positive ord. Dette har ein teke høgde for i planen, der grøntdrag er sikra mellom anna gjennom større samanhengande LNF-områder.

Planen sikrar òg bevaring av området kring Hauesanden, som er eit viktig friluftsområde for barn og unge.

Teknisk infrastruktur og energi

Områder som opnar for nye tiltak er i stor grad knytt til eksisterande teknisk infrastruktur, som ifølgje kommunen har god kapasitet. Intern teknisk infrastruktur i framtidige byggeareal må løysast i utbyggingsprosessen.

Det er ikkje kjennskap til at utbygging vil gje betydeleg konsekvens for energi. Det er ikkje lagt til rette for fjernvarme i Davik, men i samsvar med føresegnene skal alle nye bygg skal vurdere energifleksibilitet og alternative løysingar for varme og kjøling.

Transportbehov

Planen opnar ikkje for utbygging som vil gje uakseptabel konsekvens for transportbehov. Davik er har ei geografisk lokalisering som tilseie at innbyggjarar uansett vil vere avhengig av bil. Her er få arbeidsplassar i bygda, og Svelgen er næraste tettstad med tenestetilbod innanfor mellom anna helse.

Nye byggeareal i planen er i hovudsak lagt til kjerna av bygda, med gåavstand til daglegvareforretning og skuleområdet. I denne strekninga opnar òg plan for etablering av gang- og sykkelveg. Med bakgrunn i sterke ønsker frå lokalbefolkninga ved folkemøte juni 2016 og innspel ved offentleg ettersyn, opnar planen for både fritids- og bueiningar innanfor LS1-4.

Befolkningsutvikling og tenestebehov

Ved at planen legg til rette for nye bustader og fortetting i eksisterande områder, vil dette kunne få ein positiv verknad for innbyggjartal og vekst i elevtal ved Davik skule.

Folkehelse

Planen opnar ikkje for tiltak som vil betydeleg verknad for folkehelse. Friområdet ved Hauesanden er ivareteke. Næringsaktivitet i nærleiken av buområder må vise omsyn til nærmiljøet.

Det er positivt at det er lagt til rette for nye byggeområder i nærleiken av eksisterande tilbod i Davik, samt at felt B1 skal ha 25 % tilrettelagte bustader.

Forhold til framtidig utbyggingsstrategi

Det er ønskjeleg å utvikle områda nær etablert skuleområdet. Planen legg i hovudsak opp til fortetting av eksisterande byggeområder og ivaretek naturmangfaldet. Kjende førekomstar av sjeldne eller truga artar, eller viktige naturtypar blir ikkje råka av utbygging. Det er i tillegg lagt vekt på å prøve å skjerme landbruksareala.

Samla sett vil planen vere positiv for utviklinga av Davik og gje få negative verknader for miljøet.

Samfunnstryggleik

For å betre situasjonen for mjuke trafikkantar er det regulert inn framtidig gang- og sykkelveg frå daglegvareforretning til skuleområdet.

Framtidig utbyggingsareal er lagt utanfor fareområder for skred. Planen opnar for ei mindre fortetting innanfor skredsone, men krev geotekniske undersøkingar.

Ingen av tiltaka plan opnar for er vurdert til å gje uakseptabel tilkomst for utrykkingskøyretøy.

Det tillatast ikkje aktivitet som medfører til støy eller tungtransport innanfor næringsareal som ligg i nærleik av bustader og skuleområdet.

Sløkjevasskapasitet er basert på pumping frå sjø og vassdrag. Dette er standardløysing for fleire kommuner i nærområdet og ein vurderer det som akseptabelt.

4.6.3 Behov for oppfølging

Fleire mindre småbåthamner er vidareført i planen, i tillegg til utviding av eksisterande hamneanlegg ved Sandvika (VS6). Det blir likevel presisert i føresegnene at byggje- og anleggstiltak innanfor VS1-7 som ikkje er omsøkte etter PBL ikkje blir godkjende dersom dei blir lagde inn i planen med slikt føremål.

5 Rettsverknad

Arealplanen blir rettsleg bindande for framtidig arealbruk etter kommunestyret sitt vedtak. Planen skal leggest til grunn for kommunen, staten og fylkeskommunen si planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen.

Det betyr også at den enkelte grunneigar ikkje kan ta i bruk, eller endre bruk, bygningar, eller dele sin eigedom på ein måte som er i strid med planen.

Planen gjev ikkje grunnlag for ekspropriasjon.

Referanseliste

Miljøstatus Norge - <http://www.miljostatus.no/kart/>

Kystverket - <http://www.kystverket.no/>

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap - <http://www.dsb.no/>

Norges vassdrags- og energiverk - <http://www.nve.no/>

Fiskeridirektoratet - <http://www.fiskeridir.no/>

Fylkesatlas <http://fylkesatlas.no/>

Miljødirektoratet - <http://www.miljodirektoratet.no/>

Statens vegvesen - <http://www.vegvesen.no/>

Rapport om havnivåstigning - <http://www.dsb.no> - Klimatilpasning/Havnivåstigning/

Rettleiar naturmangfoldsloven (miljødirektoratet)

Rettleiar konsekvensutgreiing kommuneplanens arealdel (miljødirektoratet)

